

# Hjelmeland Sparebank

Årsrapport 2023



Hjelmeland  
Sparebank



## Banksjefen har ordet

2023 har vore nok eit år prega av politisk uro, krig, inflasjon og eit stigande rentemarknad. Dette har prega både folk og næringsliv. Urolighet og krig gir oss ein viktig påminnelse om kor godt vi har det her heime, tross meir kravande økonomiske tider for fleire. For dei fleste av Hjelmeland sine kundar har situasjonen vore relativt stabil. Hjelmeland Sparebank er stolte av å kunne tilretteleggja for aktivitet ved å vera ein solid og dynamisk lokalbank for innbyggjare og bedrifter i Ryfylke.

I 2023 har banken hatt særleg fokus på kulturutvikling og arbeida med å etablere nye verdjar i banken. Ærlig, helhetstenkende og initiativrik representerer oss, det vi står for og det vi gjer. I 2023 har vi internt i banken også jobba meir systematisk innafor ESG-området og vi ble Miljøfyrtårnsertifisert i 2023. Å være miljøfyrtårnsertifisert betyr at vi tar et bevisst miljøansvar og stiller høye krav til oss selv og våre leverandører.

Hjelmeland Sparebank kan vise til ein vesentleg betra lønnsomheit i 2023 samanlikne med 2022. Resultat etter skatt har auke med 9,4 millionar kroner og endte på 16,4 millionar kroner for 2023. Ein vesentleg styrka rentenetto og mindre tap samanlikne med 2022 er hoveddriverne for det resultatforbetringa.

Hjelmeland Sparebank har i alle år bidratt til lokalsamfunnet. I år ønsker vi å gjere en generøs utdeling til allmennyttige formål og frivilligheita som pregar lokalsamfunnet i Hjelmeland. Dette er vi stolte av og vi gleder oss over at fleire skal få nytte av sponsormidlar og gåver frå gåvefondet.

Det 116. forretningsåret blir bankens siste, 15. januar 2024 vedtok Hjelmeland Sparebank og Sandnes Sparebank at de vil slå seg saman til Rogaland Sparebank i løpet av 2024. Rogaland Sparebank vil vere djupt forankra i lokale verdjar. Saman vil dei to bankane bli ein superlokal bank som skal skape meirverdjar for det lokalsamfunnet som bankane er ein del av.

Eg vil senda ein stor takk til alle tilsette i Hjelmeland Sparebank for god innsats og godt pågangsmot i 2023. Vi ser frem til å fortsette en spennande reise i 2024 og følge våre kundar og samarbeidspartnere vidare.

Bjørn Tjensvold

Administrerende Banksjef i Hjelmeland Sparebank.

# Styrets beretning 2023 - Hjelmeland Sparebank

## Verksemda si art

Hjelmeland Sparebank vart etablert i 1907 og har Ryfylke som sitt primære marknadsområde. For banken er kvar enkelt kunde viktig. Hjelmeland Sparebank skal være en solid og dynamisk lokalbank for innbyggjar og bedrifter i Ryfylke.

Banken leverer tradisjonelle finansielle tenester til personkunder, landbruk og lokalt næringsliv. Banken er lokalisert på Hjelmeland, med kontor på Jørpeland, Finnøy, Suldal og Tau. Ordinære banktenester som sparing, finansiering, betalingsformidling og forsikring utgjør hovudtyngda av banken si verksemd.

Banken er ein sjølvstendig sparebank og medlem av Eika Alliansen. Hjelmeland Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS. Eika Alliansen består av over 50 lokalbankar, konsernet Eika Gruppen og Eika Boligkreditt. Hjelmeland Sparebank har også dotterselskapet Ryfylke Eiendomsmeistring der banken eig 70%.

15. januar 2024 vedtok Hjelmeland Sparebank og Sandnes Sparebank at dei vil slå seg saman og etablere Rogaland Sparebank. Målet er å få til meir i lag enn kva dei får til kvar for seg. Fusjonen byggjer på ein klar og berekraftig ambisjon om vekst i Rogaland. Rogaland Sparebank skal gjennom god og lønsam drift tryggje at kundar, tilsette, eigarkapitalbevisegarar og samfunnet, som banken er ein del av, skal bli godt ivaretekne no og i framtida. Samanslåinga vil gje høve for vekst og positive synergieffektar i vekst, mindre fellesfunksjonar og lågare eksterne kostnader. Den samanslåtte banken vil ha ein eigardel i Eika Gruppen på 9,84%.

## Marknadsforhold

2023 har vore prega av store endringar i dei makroøkonomiske tilhøva med overoppheta økonomi og høg inflasjon. Noregs Bank har heva styringsrenta gjentekne gonger for å få bukt med inflasjonen og det er framleis forventning om eit høgt rentemarknad. Ved utgangen av året er det låg vekst i norsk økonomi, og trass i at det framleis er ein stor del av befolkninga som er i arbeid er det ein nedgang hushaldningane sitt forbruk i 2023. Den økonomiske utviklinga hadde lite påverking på låneetterspurnad i norske hushaldningar første halvår, men for tredje og fjerde kvartal fall etterspurnaden. Samla for dei norske bankane er det rapportert om fall i etterspurnad etter lån med pant i bustad og høgare bruk av avdragsfridom. Lågare etterspurnad etter bustadlån har ført til auka konkurranse mellom bankane.

Som lokalbank vil dei lokale marknadstilhøva og påverke drifta i banken. For Rogaland har det for


2023 vore ein auke i arbeidsledigheita på knapt 10% men arbeidsledigheita i regionen er framleis låg. Det er i tillegg eit høgt tal utlyste stillingar i regionen, som for tidlegare år, kan forklarast av at det er vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft i regionen. Bustadprisveksten i distrikta til Rogaland ligg på 3,3 % for 2023, der det var bustadprisvekst første halvår, men med negativ prisvekst i distriktet andre halvår. Som i resten av landet opplever Rogaland også stopp i nybygg.

## Redegjørelse for årsrekneskapen

Tallstørrelser i parantes gjeld for same periode i 2022, om ikkje anna er oppgitt. Med mindre anna er spesifisert omtales morbank.

## Overordnet resultatutvikling

Resultat etter skatt for 2023 enda på 16,36 millionar kroner, ein auke på 9,37 millionar kroner frå fjorårets resultat på 6,99 millionar kroner. Auking i rentenivået har ført til ein auke av både renteinntekter og rentekostnader, og rentenetto har auka med 10,78 millionar kroner frå 2022. Dette tilsvarar ein vekst i rentenetto på 19,4%.




Andre driftsinntekter auka med 10,6% i 2023 samanlikna med 2022. Dette skuldast hovudsakeleg positiv utvikling i verdiendingar frå valuta og andre finansielle instrument som i 2022 gjekk med eit tap. Bankens driftskostnader auka med 12,6% som hovudsakleg er relatert til auka bruk av eksterne tenester.

Tap på utlån i 2023 enda på 8,07 millionar samanlikna med 13,75 millionar kroner i 2022. Det har i både 2022 og 2023 vore høge tap grunna individuelle nedskrivingar på enkeltengasjement.

Eit mykje betre 2023 enn 2022 medfører òg ein betra eigenkapitalavkastning<sup>1</sup>. Banken har ei signifikant auke i eigenkapitalavkastning på resultat etter skatt frå 1,22% i 2022 til 3,19% i 2023.

## Netto renteinntekter

Netto renteinntekter har hatt ein positiv utvikling gjennom året og har auka med 19,41% frå 2022. Rentemarginen var 1,98% for 2023 samanlikna med 1,64% for 2022.



I 2023 har det vore seks hevingar i styringsrenta. Banken har heva renta ut til sine kundar i takt med endringane i styringsrenta gjennom året. Dette har resultert i ein auke i renteinntektene på 63,58% eller 62,37 millionar kroner. Samstundes har rentekostnadene i banken auka med 121,2%. Bankens primære fundingkjelde er innskott, utstedte verdipapir og lån frå Kredittforeininga til Sparebanker. Rentekostnadene har tidvis auka raskare enn det banken har kunne heva utlånsrenta grunna varslingsregelen.

Utlånsmarknaden mot slutten av 2023 har medført reduksjon i utlånsporteføljen, men rentenettoen har likevel auka i perioden på bakgrunn av strategisk arbeid med rentehevingar.

## Andre driftsinntekter


Andre driftsinntekter har auka med 10,6% frå tilsvarende periode i fjor. Banken har hatt ein nedgang i netto provisjonsinntekter på 3,5% som i størst grad kan forklarast av nedgang i provisjonsinntekter frå Eika Boligkreditt. Dei lågare provisjonsinntektene forklaras i hovudsak av ei mindre portefølje, men også tidvis lågare margin på lånene, som skuldast varslingstida på renteendringar til sluttkundar.

Utdeling frå eigenkapitalinstrument var lågare i 2023 enn i 2022, hovudsakleg grunna lågare utdeling frå Eika Gruppen. Verdiendringar av valuta og finansielle instrument har hatt ei positiv utvikling samanlikna med fjoråret. Dette skuldast i stor grad ei lågare nedskrivning av aksjer i Ryfylke Eiendomsmegling i 2023 enn i 2022. Det har i tillegg

vore høgare både urealisert og realisert gevinst på obligasjonane i porteføljen i perioden.

## Driftskostnader

Driftskostnadene for banken utgjorde 56,2 millionar kroner i 2023, det svarar til ein auke på 6,30 millionar kroner frå 2022. Dette kan skrivast til auke i andre driftskostnader på 7,08 millionar kroner. Den store auken i andre driftskostnader skuldast hovudsakleg auka bruk av eksterne tenester. I tillegg har det generelle kostnadsnivået i banken auka i takt med det høge prisnivået i økonomien generelt. Det er ein mindre nedgang i lønskostnadene som delvis skuldast av ekstraordinære kostnader knytt til omstruktureringar i leinga i banken i 2022.




## Tap og mislighold

Kreditttap på utlån, garantiar og rentebærande verdipapir viser 8,08 millionar kroner ved utgangen av 2023. Det svarar til ein nedgang på 5,68 millionar kroner frå 2022. Endringane skuldast i aller størst grad variasjonar i dei individuelle tapsavsetningane, men det har også vore ein nedgang i tapsavsetningane knytta til nedgang i utlånsvolum.

Det har i 2023 vore ein auke i brutto kredittforringa engasjement på 11,5 millionar kroner. Det har vore auke i mislighald i PM porteføljen på 20,7 millionar kroner og ein nedgang i mislighald i BM porteføljen på 9,1 millionar kroner.

Dei individuelle nedskrivningene knytta til kredittforringa engasjement har gått ned i perioden. Nedskrivningsandelen av kredittforringa engasjement har gått fra 31,2% i 2022 til 20,4% i 2023. Det kommer av at det er engasjement tilsvarende 36,6 millionar kroner i steg 3 kor det ikkje er foretatt individuelle nedskrivningar på grunn av verdien på sikkerhetsstillelsen. Endring i netto av nedskrevne engasjement er 15 millionar kroner fra 2022 til 2023.

<sup>1</sup> Eigenkapitalavkastningen er beregnet på resultat etter skatt justert for renter på hybridkapital



Tapsavsetningane ved utgangen av året er 20,23 milliardar kroner, der dei individuelle tapsavsetningane utgjør 14,68 milliardar kroner.

## Balanseutvikling


Forvaltningskapitalen ved utgangen av 2023 var 3,43 milliardar kroner mot 3,27 milliardar i 2022. Auka på 5% skuldast primært auka i utlån og fordringar til kredittinstitusjonar. Auka i kontantbeholdninga skuldast nedgang i utlånsporteføljen og auka i innskotsporteføljen. Før utgangen av året vart det også teke opp eit nytt obligasjonslån i samband med eit forfall i januar 2024 som også medførte ei auka i kontantbeholdninga.

Utlånsporteføljen er påverka av marknadsforholda og frå ein jamn positiv utvikling i utlånsporteføljen i første halvår av 2023 har det vore ein nedgang i utlånsporteføljen mot slutten av 2023.


Brutto utlånsporteføljen viser 2,63 milliardar kroner ved utgangen av 2023 mot 2,72 milliardar kroner ved utgangen 2022. Det svarar til ein reduksjon i utlånsportefølje på 90,3 millionar kroner. Personmarknadsandelen av porteføljen tilsvarar 1,99 milliardar kroner (75%), og bedriftsandelene 0,65 milliardar kroner (25%).

Banken benytter Eika Boligkreditt (EBK) til langsiktig og konkurransedyktig finansiering. Per 31.12.2023 er lån formidlet via EBK 750,2 millionar kroner mot 885,9 millionar kroner per 31.12.2022.

Bankens totale garantivolum er på 6,4 millionar ved utgangen av 2023, dette er en nedgang frå 2022 da garantivolumet var 33,60 millionar kroner. Nedgangen i garantiar kjem av at alle valutalån ble innfridd i 2023.



Innskotsporteføljen har auka med 39 millionar kroner i 2023 til 2,25 milliardar kroner ved utgangen av 2023. Det svarar til ein auke på 1,77%. Ved inngangen av året hadde banken ein innskotsdekning på 81,27% mot 85,55% ved utgangen av året. Innskotsveksten i personmarknaden utgjorde 33,56 millionar kroner, medan innskotsveksten for bedriftsmarknaden utgjorde 5,76 millionar kroner.




## Soliditet

Ved utgangen av året ligg kapitaldekninga over dei regulatoriske kapitalkrava og over kapitalmåla sett av styret. Dei gjeldande regulatoriske minstekrava for rein kjernekapital er 15,41%, for kjernekapital er kravet 17,38% og kravet for ansvarleg kapital er 20,00% ved utgangen av 2023.

Bankens kapitalmål har i tillegg til dei regulatoriske minstekrava ein styringsbuffer på 1,5% som gjer at kapitalmåla til banken er 16,91% for rein kjernekapital, 18,88% for kjernekapital og 21,5% for den ansvarlege kapitalen. Bankens kapitalmål vart endra i 2023 grunna endringar i kapitalkrava relatert til samansetninga av Pilar-2 kravet. Endringane har ført til at det berre krevst at 56,25% dekkast av rein kjernekapital og at 75% dekkast av kjernekapital. Kravet til den samla kapitaldekninga er uendra.

Banken har per 31.12.2023, inklusiv konsolidering av samarbeidande grupper, 19,60% i rein kjernekapitaldekning, 21,58% kjernekapital og 23,42% kapitaldekning. Leverage ratio, eller uvekta kjernekapitalandel er 9,86%.


## KAPITALDEKNING




## Likviditet og finansiering

Ved utgangen av 2023 er likviditetsreservane til banken på eit solid nivå med "liquidity coverage ratio" (LCR) på 368%. Kravet til banken er 100%. Likviditetsporteføljen til banken er på 654,6 millionar kroner per 31.12.2023 som er ein auke på 233,4 millionar kroner frå 31.12.2022. Auka skyldes nytt obligasjonslån i samanheng med eit forfall i januar 2024.

### SAMMENSETNING LIKVIDITETSPORTEFØLJEN



### FINANSIERINGSKILDER



## Datterselskaper

Ryfylke Egedomsmevling hadde eit resultat på -637 tusen kroner før skatt. Dotterverksemda tilbyr tenester innanfor eigedomomsetning. Dotterverksemda er ein strategisk investering for banken og ein viktig samarbeidspartnar.

## Risikostyring

Banken sine forretningsaktivitetar gjer at verksemda er eksponert for ei rekke finansielle risikoar. Målsettinga til banken er å oppnå balanse mellom avkastning og risiko, og å minimera potensielle negative verknadar på banken sitt finansielle resultat. Banken si finansielle risikostyring er etablert for å identifisera og analysa desse risikoane, samt å etablere passande risikorammer og -kontrollar. Dette blir overvåka gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjonssystem. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinjene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikra at endringar i produkt og marknader blir reflektert i risikorammene.

Ansvar for banken si risikostyring og kontroll er delt mellom banken sitt styre og leiing. Styret vedtek banken sitt mål og rammestruktur innanfor alle risikoområder, herunder retningslinjer for styring av risiko.

Administrerande banksjef har ansvaret for banken si samla risikostyring. Alle beslutningar som er knytta til risiko og risikostyring blir normalt fatta av administrerande banksjef i samråd med resten av leiinga i banken. Uavhengig risiko- og compliance rapport framleggast kvartalsvis til styret, og styret foretar løpende vurderingar av de ulike risikoforholdene knytta til bankens virksomhet.

Alle leiarane i banken har ansvar for å styra risiko og sikra god intern kontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtatte risikoprofil.

## Marknadsrisiko

Marknadsrisikoen til banken er knytt til aksjeprisar og renteendringar. Styring av marknadsrisiko tek utgangspunkt i styrevedtatt policy for marknadsrisiko der det er sett rammer for eksponering innan ulike risikokategoriar.

Obligasjonsportefølja til banken består i størst grad av investeringar i obligasjonar med fortrinnsrett eller obligasjonar som anten er stats-, kommunale eller fylkeskommunale garantiar. Over 90% av portefølja er investert i verdipapir med rating over AA.

Aksjeportefølja til banken består av plasseringar i strategiske aksjer som ikkje blir halde for handel der dei største posisjonane er i Eika Gruppen og Eika Boligkreditt. Porteføljane blir overvåka løpende med månedleg rapportering til styret og leiinga.

Renterisikoen i banken er knytt til fastrenteinnskott- og utlån, og rentebærande verdipapir. Fastrenteportefølja er ein liten del av bankens utlånportefølje. Fastrenteinnskott er også ein liten del av innskottsportefølja. Som eit ledd i styringa av marknadsrisikoen blir det gjennomført månadlege stresstestar. Gjennom 2023 har stresstestane vist at likviditetsrisikoen knytt til renterisiko er låg.

## Kredittrisiko

Hjelmeland Sparebank har ein moderat risikoprofil. Kredittrisikoen i banken er knytt til tap i utlån- og kredittportefølja. Hovuddelen av utlånsportefølja ligg til låg eller moderat kredittrisiko. Av engasjementa i utlånsportefølja som ligg med høg risiko er det føretatt individuelle nedskrivningar basert på konkrete vurderingar for kvart engasjement.

Modellen banken benytter for kalkulering av kredittrisiko og nedskrivningar er utvikla i og for Eika bankane. Modellane blir validera årleg sentralt i Eika for alle bankane, i tillegg gjøres validering internt og konkret for Hjelmeland Sparebank.

Banken gir i liten grad lån utan sikkerheit, men lån til bedriftsmarknaden innebærer større kredittrisiko. Nye næringslivskundar skal i hovudsak koma frå banken sitt primærrområde, som er Ryfylke. Styret si målsetjing er at banken sine engasjement til bedriftskundar skal utgjera maksimalt 30 prosent av samla utlånsportefølje. Ved årsskifte var fordelinga av låneportefølja 25 prosent mot næringslivskundar og 75 prosent mot privatmarknaden.

Kredittrisikoen er styrt etter banken sin policy for kredittrisiko, kredittfullmakter, retningslinjer, samt handbøker og rutiner for kredittvurdering.

## Likviditetsrisiko

Likviditeten i banken er solid med god tilgang på finansiering. Banken er ansvarleg og langsiktig finansiert og i hovudsak med innskot, med ein innskotsdekning på 85,55%.

Likviditetsrisikoen i banken er knytt til at banken ikkje klarer å innfri sine gjeldsforpliktingar og risikoen for at banken ikkje kan refinansiere sin gjeld og/eller finansiere sin aktivitet utan vesentlege ekstraomkostningar. Rammene og retningslinjene for likviditetsstyring gjenspeiler den konservative risikoprofilen banken har vedteke i sin likviditetspolicy. Interne og regulatoriske krav til LCR (Liquidity Coverage Ratio) og NSFR (Net Stable Funding Ratio) blir følgd opp månadleg som ein del av likviditetsstyringa i banken.

## Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risikoen for tap som oppstår på grunn av svakheiter eller feil i prosessar og system, feil gjort av tilsette, eller eksterne hendingar.

Styring av operasjonell risiko tek utgangspunkt i banken sin policy for operasjonell risiko og internkontroll. Det blir gjennomført risikovurderingar både på overordna nivå, men også innanfor ulike prosessar som banken til ei kvar tid er eksponert for. Administrerende banksjef gjennomfører også årleg vurdering av internkontrollen som blir handsama av styret.

Hendingar som har påverka, eller kan påverka banken si inntening og/eller omdømme, blir systematisk fylgt opp. Det blir årleg føretatt ein omfattande gjennomgang av vesentlege operasjonelle risikoar og kontrolltiltak. I tillegg føretar leiinga ei løpande vurdering av operasjonelle risikohendingar og iverkset ytterlegare risikoreducerande tiltak ved behov. Det blir føretatt løpande rapportering av operasjonelle tapshendingar og internkontrollavvik til leiing og styret.

## ESG-Risiko

I ESG risiko inngår all risiko relatert til miljø, samfunnsansvar og selskapsstyring. For banken gjelder dette både direkte gjennom bankens egne handlingar, men også indirekte gjennom påverking av kundar og leverandørar.

Det er viktig at ESG ses i samanheng med bankens øvrige risikoar. Regulering av berekrafts- og klimarisiko inngår som ein fast del av banken si risikostyring og er teke inn i banken sin kredittpolicy og som ein del av regulering av marknadsrisiko. Dette gjeld risiko knytt til miljø, selskapsstyring og samfunnsansvar.

Etter banken sin marknadspolicy skal banken ikkje kjøpe rentepapirer eller fond med utstedere som er utsette for stor ESG-risiko. Dette inneber mellom anna at banken ikkje investerer i selskap innan fleire industriar, blant anna kull, tobakk, våpenproduksjon og gambling. Totalt sett vurderas denne risikoen som lav.

## Arbeidsmiljø

Banken hadde ved utgangen av 2023, 23 tilsette som utgjør 19,6 årsverk i bankdrifta og av disse er 0,45 årsverk i reinhaldsfunksjon.

Eit godt arbeidsmiljø er ein nøkkelfaktor for at banken skal lukkast. Banken arbeider kontinuerleg med betring av miljøet.

Banken har gode pensjons- liv og helseforsikringsordningar. Dei fysiske arbeidsforholda betraktast som gode, både med tanke på utstyr og arbeidsplassar. Banken har også fleksibel kvardag med moglegheit for heimekontor.

Sjukefråværet i konsernet var på totalt 239 dagar i 2023, tilsvarande 4,64 % av totale dagsverk i konsernet, samanlikna med 4,71 % i 2022. Konsernet har dermed sett resultat av tiltak som har vore sett i gang for å få redusert sjukefråværet. Konsernet vil arbeide vidare med å redusere talet på sjukefråværsdagar, og har sett i gang tiltak i form av treningstilbod, tilbod om fysioterapi og plan for rulling av arbeidsoppgåver mellom tilsette..

## Skader og uhell

Det har ikkje vore ulykkar eller skade av noe slag i 2023.

## Likestilling og diskriminering

Aldersspreiinga i banken er stor og det er viktig for banken og legga til rette for den enkelte ansatte i sin livssituasjon. Av bankens 23 tilsette er 15 kvinner og 7 menn. I leiargruppa på 6, er det 3 kvinner og 3 menn. I banken sitt styre er 3 av 6 medlemmer kvinner. Me meiner det ikkje blir gjort skilnad på tilsette eller ved tilsettingar på grunn av kjønn, nasjonalt opphav, religion eller livssyn.

## Forstandarskapet

Det høgaste organet i banken er forstandarskapet som har 16 medlemmer:

- 6 blir valde av eigarane av eigenkapitalbevisa,
- 2 blir valde av kommunestyret,
- 4 blir valde av innskytarane, og
- 4 blir valde av og mellom dei tilsette.

Forstandarskapet fastset banken sine vedtekter, vedtek banken sitt rekneskap, vel banken sine representantar i styre og kontrollnemder.

Leiar i forstandarskapet er Dagfinn Svadberg Hatløy.

## Styret

Forstandarskapet vel 6 medlemmer til styret, som saman med banksjefen er ansvarleg for drifta av sparebanken.

Styret har i året hatt 12 ordinære møter og 11 ekstraordinære møter. På styremøta er det mellom anna gjennomgått periodiske rekneskap målt mot budsjett og fjoråret. Vidare går styret gjennom administrasjonen sine rapportar over utviklinga i banken, samt omsetning av verdipapir og større kredittsaker. Styret får òg rapportar som viser status på arbeidet med styret sine vedtak og kor banken ligg i høve til dei strategiske måla. Styret følgjer ein plan for revidering av styringsdokumenta i banken.

## Ytelser, lån og sikkerhetsstillelse til ledende personer

Banken definerer leiande personar som alle medlemmer av bankens leiargruppe, tilsette med fagansvar innanfor kredittområdet, mellomleiarar med ansvar for eit eige område, samt tilsette som innehar ein stilling med vesentleg betydning for bankens risikoeksponering. I tillegg inngår bankens styre og forstandarskap under definisjonen som leiande personar. Medlemmer av bankens leiargruppe med stillingar som er definert som tilsette med kontrolloppgåver er unntatt.

Det gis opplysningar om godtgjørelse, lån og sikkerhetsstillelse til leiande personar i note 21 av årsrekneskapen.

## Forsikring for styrets medlemmer og daglig leder

Banken har styreansvarforsikring for sine styremedlemmer og banksjef i Lockton.

Forsikringssum NOK 250.000.000 inkludert saksomkostningar, per forsikringstilfellet og totalt for alle sikra i løpet av forsikringsperioden.

## Ytre miljø

Hjelmeland Sparebank sin verksemd er ikkje ein verksemd som direkte forureinar det ytre miljøet som følgje av den ordinære bankdrifta. Vi må likevel ta innover oss at klimaendringar på sikt kan koma til å påverke både banken, kundane våre og samfunnet direkte.

Fram mot 2030 skal Noreg gjennom ein omfattande omstilling der klimaendringar, nye krav, konkurranse og strammare offentlege budsjett vil legge press på norske lokalsamfunn og bedrifter.

Vi meiner difor at lokalbanken sin rolle framover vil bli viktigare enn nokon gong. Nærleiken til kundane våre gjer at lokalbankane kan utgjere ein viktig rolle i høve til omstilling av norske småbedrifter når dei må sikre ny aktivitet og arbeidsplassar når det som ikkje lengre er berekraftig må erstattast. Vår nærleik til kundane våre gjer òg at vi har eit godt utgangspunkt for å kunne tilby relevante produkt for den veksande kundegruppa som er oppteken av berekraft. Finansnæringa har eit særleg ansvar for å sikre at verdiskaping og lønsemda ikkje skal gå på bekostning av menneska rundt oss, klimaet og miljøet eller som er i strid med grunnleggjande etiske prinsipp. Vi kan være med på å bidra til dette i vårt lokalsamfunn.

Gjennom Eika Alliansen bidrar vi saman på mange område, men krava framover gjer at vi i enno større grad må bidra meir. På lik linje med andre næringer har banken eit ansvar for å unngå å medverke til miljøskade, korrupsjon eller brot på grunnleggjande menneske- og arbeidstakarrettar.

## Samfunnsansvar

Hjelmeland Sparebank skal være ein viktig kjelde til vekst og trivsel i Ryfylke og være det naturlege valet for tenester innanfor vårt verksemdsområde. Som ein leiande finansinstitusjon for målgruppene våre vil vi i samarbeid med andre bidra til ein positiv utvikling i distriktet. Dette ansvaret er vi stolte av å ha hatt i meir enn 100 år. Vi jobbar kvar dag for å være det naturlege førsteval for val av bank i vår region. Dette hadde vi ikkje klart om vi ikkje hadde hatt kompetente medarbeidarar, utført godt bankhåndverk kombinert med gode digitale løysningar.

Hjelmeland Sparebank har i alle år bidratt til lokalsamfunnet. Dette i form av både sponsormiddel og gåver frå gavefondet. Vårt bidrag til eit idrettslag kan mellom anna gjere at fleire har moglegheit til å delta på aktivitetane ved at det



koster mindre å være med. Dette kan vere med å redusere utanforskap.

I 2023 har vi internt i banken jobbet meir systematisk innanfor ESG-området og vi ble Miljøfyrtårnsertifisert i 2023. I den samanheng har vi også for første gong fått utarbeida eit enkelt miljøregnskap som er publisert på banken sin heimeside. For banken handlar samfunnsansvar særleg om å ta vare på desse omsyna i investeringar, innkjøp og lån. Tilliten frå omverden og eit godt omdømme er viktig for banken. Bankens sine interesser har forventingar til at banken utøver sin rolle som ein ansvarleg samfunnsaktør. Våre retningslinjer for berekraftig verksemd og samfunnsansvar omhandlar korleis verksemda påverkar menneske, samfunn og miljø. Det å skape verdiar og drive lønsamt er ein del av vår samfunnsrolle, og vi vil på denne måten medverke til vekst og utvikling i samfunnet.

Det er ikkje likegyldig korleis banken tenar sine pengar og val av produkt og tenester skal ikkje gå på kostnad av menneske, etikk eller miljø. Det er ein selvfølgelighet at vi må etterleve gjeldande lover og forskrifter, og banken skal ha ein høg etisk standard. Dette er innarbeida i overordna retningslinjer under konkrete emne som etikk, helse, arbeidsmiljø og tryggleik, ytre miljø, arbeid mot kvitvasking og økonomisk kriminalitet. Vi har årleg gjennomgang av rutiner og instruksar, samt etterleving av lovverket rundt dette.

Vi opplever at kundane våre blir stadig meir opptatt av å ta berekraftige val. Vi kan være ein god støttespelar som igjen kan bidra til å ein berekraftig vekst og omstilling av det lokale næringslivet vårt. Næringslivskundar kan få gunstigare finansiering i form av grønne lån til tiltak for fornybar energi. Vi har også eit grønt obligasjonslån som er knytt opp til dei mest energieffektive bustadene. Gjennom Eika Kredittbank tilbyr vi grønne billån der kundane kan oppnå betre vilkår om ein vel eit meir miljøvennleg alternativ ved kjøp av bil.

Alle kundar har ikkje relevant digital kompetanse. Vi er difor glade for at vi har eit samarbeid med Kakadu slik at fleire kan mestre dei digitale flatene. Dette tilbodet er det stadig fleire som nyttar seg av.

## Fortsatt drift

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a stadfestar vi at føresetnadene om vidare drift er til stades. Det har ikkje inntreffe handhelsar etter balansedato som påverkar bankens virksomhet.

## Resultatdisponering

Resultat etter skatt viser eit overskot på 16,36 millionar kroner for morselskapet og 16,13 millionar kroner for konsernet. For 2023 er det føreslått eit kontantutbytte på 6,8 millionar kroner til eigarkapitalbevis eigarene. Overføring til utjamningsfond er 2,27 millionar kroner for morbank og 2,14 millionar kroner for konsern. Til sparebankfondet fordeles 5,29 millionar kroner for

morbank og 5,19 millionar kroner for konsern. Til gåvefondet overføres 2,0 millionar kroner for både morbank og konsern.

Banken hadde ved utgangen av året ein eigardelkapital på 111,8 mill. kroner, fordelt på 1.117.700 stykk pålydande kr 100,-. Av desse eig banken 6.998 stk. Resultat over andre inntekter og kostnader på 9,76 millionar kroner blir disponert til fond for urealiserte gevinstar og tap.

## Fremtidsutsikter

Styret sitt hovudmål er å sikra ein langsiktig og stabil verdiauke av banken gjennom å utvikla vidare den verksemda me i dag driv. Dette skal skje innafør dei rammer som går fram av finanslovgivinga, bankens sine vedtekter og dei retningslinjer forstandarskapet har gitt.

Etter dei siste signala som er komne frå Noregs Bank så kan det sjå ut til at rentetoppen er nådd, og at vi på sikt kan forvente at rentene blir sett ned. Bustadprisane har vore stigande i Ryfylke dei siste åra. Ei konsekvens av høge renter over tid kan vere fall i bustadprisane, men dette har så langt ikkje vore trenden i Ryfylke. Nye bustader har auka i pris, og er dermed med på å halde bustadprisane oppe. Kundane til banken vurderast å ha ein relativt akseptabel gjeldsbelastning, sjølv om rentene har auka så betenar dei fleste kundane gjelda si som avtalt. Dette vurderast å henge saman med eit godt arbeidsmarknad og relativt låg arbeidsledigheit i marknadsområdet til banken. Bankens har ikkje opplevd større pågang av avdragsfrihet enn tidlegare.

Både landbruk og næringslivskundar ser ut til å ha tilpassa seg høgare renter og vurderast å ha ein tilfredsstillande økonomisk situasjon til trass for renteaukingane.

Landbruket i vårt primærrområde ser ut til å klare seg godt, og i vår region er det auka fokus på kortreist mat. Våre næringslivskunder har også vist evne til omstilling og tilpassing, og har dermed relativt sett klart seg godt til trass for auka kostnader. Vi forventar likevel at høge renter saman med andre auka kostnader vil påverke både privatkundar, landbrukskundar og bedriftskundar generelt.

Hjelmeland Sparebank og Sandnes Sparebank har vedteke å bli ein bank i løpet av 2024 under namnet Rogaland Sparebank. Samanslåinga er vedteke av begge bankane og ventar kun godkjenning frå myndighetene. Samanslåinga vil auka marknadsområdet til banken og dekke eit folkegrunnlag på ca 300 000 innbyggjarar med eit variert og voksende næringsliv.

Øyvind Ravnås Lundbakk  
Styreleder

Tor Egil Lie  
Styremedlem

Liv Jorunn Tjelmeland  
Styremedlem

Per Magne Gabrielsen  
Styremedlem

Laila Steine  
Styremedlem

Maren Apeland Breiland  
Styremedlem

Bjørn Tjensvold  
Daglig leder

## 2.1 - Totalresultat

### Totalresultat - Mor

Resultat	Noter	2023	2022
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>			
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		146 512	92 726
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		13 955	5 373
Rentekostnader og lignende kostnader		94 136	42 551
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	Note 18	<b>66 330</b>	<b>55 549</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		14 687	14 539
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		2 907	2 332
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		5 376	7 160
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter		247	-3 871
Andre driftsinntekter		354	557
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	Note 20	<b>17 757</b>	<b>16 053</b>
Lønn og andre personalkostnader	Note 21	25 191	26 278
Andre driftskostnader	Note 22	30 222	23 151
Avskrivninger og nedskrivninger på varige driftsmidler	Note 31	809	495
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>56 222</b>	<b>49 923</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>27 865</b>	<b>21 679</b>
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 11	8 072	13 753
<b>Resultat før skatt</b>		<b>19 793</b>	<b>7 925</b>
Skattekostnad	Note 24	3 433	937
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>16 360</b>	<b>6 988</b>
<b>Resultat per egenkapitalbevis</b>	Note 39	<b>6,76</b>	<b>2,28</b>
<i>Utvidet resultat - Tall i tusen kroner</i>			
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over utvidet resultat	Note 26, 29	9 757	23 569
<b>Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet</b>		<b>9 757</b>	<b>23 569</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>26 117</b>	<b>30 557</b>
<b>Totalresultat per egenkapitalbevis</b>		<b>11,63</b>	<b>14,15</b>

### Totalresultat - Konsern

Resultat	Note	2023	2022
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>			
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		145 840	92 726
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		13 955	4 912
Rentekostnader og lignende kostnader		94 023	42 485
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	Note 18	<b>65 772</b>	<b>55 153</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		14 687	14 539
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		2 907	2 332
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		5 376	7 160
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter		653	-3 871
Andre driftsinntekter		11 183	11 331
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	Note 20	<b>28 992</b>	<b>26 827</b>
Lønn og andre personalkostnader	Note 21	31 141	32 211
Andre driftskostnader	Note 22	34 857	27 808
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler	Note 31	1 132	832
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>67 130</b>	<b>60 851</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>27 634</b>	<b>21 129</b>
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 11	8 072	13 753
<b>Resultat før skatt</b>		<b>19 562</b>	<b>7 375</b>
Skattekostnad	Note 24	3 433	856
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>16 129</b>	<b>6 519</b>
<b>Resultat per egenkapitalbevis</b>		<b>6,64</b>	<b>3,30</b>
<i>Utvidet resultat - Tall i tusen kroner</i>			
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over utvidet resultat	Note 26,29	9 757	23 569
<b>Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet</b>		<b>9 757</b>	<b>23 569</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>25 886</b>	<b>30 088</b>
<b>Resultat per egenkapitalbevis</b>		<b>11,51</b>	<b>15,25</b>
<b>Majoritetens sin andel av resultatet i perioden</b>		<b>26 077</b>	<b>30 229</b>
<b>Minoritetens sin andel av resultatet i perioden</b>		<b>- 191</b>	<b>-141</b>

## 2.2 - Balanseoppstilling

### Balanse - mor

#### Balanse - Eiendeler

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	2023	2022
Kontanter og kontantekvivalenter	Note 25-26	70 694	68 724
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	Note 25-26	277 356	68 671
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6-12, 25-26	2 611 362	2 695 000
Rentebærende verdipapirer	Note 27	290 015	266 733
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 28-29	164 794	150 985
Eierinteresser i konsernselskaper	Note 30	2 000	2 406
Varige driftsmidler	Note 31	5 388	6 195
Andre eiendeler	Note 32	4 333	6 606
<b>Sum eiendeler</b>		<b>3 425 943</b>	<b>3 265 320</b>

#### Balanse - Gjeld og egenkapital

<i>Tall i tusen kroner</i>		2023	2022
Innlån fra kredittinstitusjoner	Note 33	100 742	150 960
Innskudd fra kunder	Note 34	2 251 213	2 212 101
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 35	553 674	401 933
Annen gjeld	Note 36	16 347	16 569
Forpliktelses ved skatt	Note 24	3 162	1 789
Andre avsetninger	Note 6, 10-11	1 392	2 067
Ansvarlig lånekapital	Note 35	30 221	30 176
<b>Sum gjeld</b>		<b>2 956 751</b>	<b>2 815 595</b>
Aksjekapital/Eierandelskapital	Note 38	111 770	111 770
Egne aksjer/egenkapitalbevis	Note 38	-700	-700
Overkursfond		1 125	1 125
Fondsobligasjonskapital	Note 37	35 000	35 279
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>147 195</b>	<b>147 474</b>
Fond for urealiserte gevinster		64 554	54 797
Sparebankens fond		156 310	152 300
Gavefond		9 765	7 965
Utjevningsfond		91 183	87 143
Annen egenkapital		185	47
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>321 997</b>	<b>302 251</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>469 192</b>	<b>449 725</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>3 425 943</b>	<b>3 265 320</b>

## Balanse - konsern

### Balanse - Eiendeler

Tall i tusen kroner	Note	2023	2022
Kontanter og kontantekvivalenter	Note 25-26	70 694	68 724
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	Note 25-26	277 667	68 671
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6-12, 25-26	2 602 079	2 685 263
Rentebærende verdipapirer	Note 27	290 015	266 733
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 28-29	164 794	150 985
Eierinteresser i konsernselskaper	Note 30	0	0
Varige driftsmidler	Note 31	15 363	16 440
Andre eiendeler	Note 32	8 024	10 442
<b>Sum eiendeler</b>		<b>3 428 637</b>	<b>3 267 258</b>

### Balanse - Gjeld og egenkapital

Tall i tusen kroner		2023	2022
Innlån fra kredittinstitusjoner	Note 33	100 742	150 960
Innskudd fra kunder	Note 34	2 251 213	2 211 680
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 35	553 674	401 933
Annen gjeld	Note 36	19 852	19 507
Forpliktelses ved skatt	Note 24	3 162	1 789
Andre avsetninger	Note 6, 10-11	1 392	2 067
Ansvarlig lånekapital	Note 35	30 221	30 176
<b>Sum gjeld</b>		<b>2 960 256</b>	<b>2 818 113</b>
Aksjekapital/Eierandelskapital	Note 38	111 770	111 770
Egne aksjer/egenkapitalbevis	Note 38	-700	-700
Overkursfond		1 125	1 125
Fondsobligasjonskapital	Note 37	35 000	35 279
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>147 195</b>	<b>147 474</b>
Fond for urealiserte gevinster		64 554	54 797
Sparebankens fond		154 301	150 395
Gavefond		9 765	7 965
Utjevningfond		92 382	88 468
Annen egenkapital		183	47
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>321 186</b>	<b>301 672</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>468 381</b>	<b>449 146</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>3 428 637</b>	<b>3 267 258</b>

Styret i Hjelmeland Sparebank

Hjelmeland, 12.mars 2024

Øyvind Ravnås Lundbakk  
Styreleder

Tor Egil Lie  
Styremedlem

Liv Jorunn Tjelmeland  
Styremedlem

Per Magne Gabrielsen  
Styremedlem

Laila Steine  
Styremedlem

Maren Apeland Breiland  
Styremedlem

Bjørn Tjensvold  
Daglig leder

### 2.3 - Egenkapitaloppstilling (mor)

Tall i tusen kroner	Innskutt egenkapital				Opptjent egenkapital							Sum egenkapital
	Egenkapitalbevis	Egne EK-bevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebankens fond	Utjevningfond	Gavefond	Fond for vurderingsforskjeller	Fond for urealiserte gevinster	Annen opptjent egenkapital		
<b>Egenkapital 31.12.2022</b>	<b>111 770</b>	<b>-700</b>	<b>1 125</b>	<b>35 279</b>	<b>152 300</b>	<b>87 142</b>	<b>7 965</b>	<b>0</b>	<b>54 797</b>	<b>47</b>	<b>449 725</b>	
Resultat etter skatt					5 292	2 267	2 000				9 559	
Foreslått utbytte						6 801					6 801	
Endring i utsatt skatt estimatavvik											0	
Verdiendring egenkapitalinstrument over utvidet resultat									9 757		9 757	
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)											0	
Skatt på verdiendring utlån											0	
<b>Totalresultat 31.12.2023</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>5 292</b>	<b>9 068</b>	<b>2 000</b>	<b>0</b>	<b>9 757</b>	<b>0</b>	<b>26 117</b>	
Transaksjoner med eierne											0	
Utbetalt utbytte											-3 494	
Tilbakeholdt utbytte											0	
Utbetaling av gaver								-200			-200	
Utstedelse av ny hybridkapital											0	
Utbetalte renter hybridkapital				-279	-1 282	-1 533					-3 094	
Skatt på renter hybridkapital direkte mot EK											0	
Endring egne egenkapitalbevis											0	
Andre egenkapitaltransaksjoner										138	138	
<b>Egenkapital 31.12.2023</b>	<b>111 770</b>	<b>-700</b>	<b>1 125</b>	<b>35 000</b>	<b>156 310</b>	<b>91 183</b>	<b>9 765</b>	<b>0</b>	<b>64 554</b>	<b>185</b>	<b>469 192</b>	
<b>Egenkapital 31.12.2021</b>	<b>111 770</b>	<b>-700</b>	<b>1 125</b>	<b>35 000</b>	<b>150 206</b>	<b>91 664</b>	<b>8 030</b>	<b>0</b>	<b>31 228</b>	<b>0</b>	<b>428 323</b>	
Resultat etter skatt					3 054	440					3 494	
Foreslått utbytte						3 494					3 494	
Endring i utsatt skatt estimatavvik											0	
Verdiendring egenkapitalinstrument over utvidet resultat											0	
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)											0	
Skatt på verdiendring utlån									23 569		23 569	
<b>Totalresultat 31.12.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 054</b>	<b>3 934</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>23 569</b>	<b>0</b>	<b>30 557</b>	
Utbetalt utbytte											0	
Utbetaling av gaver											-7 265	
Utbetalte renter hybridkapital								-65			0	
Utstedelse av ny hybridkapital											0	
Renter hybridkapital				279	-960	-1 236					-1 917	
Skatt på renter hybridkapital direkte mot EK											0	
Endring egne egenkapitalbevis										47	47	
Andre egenkapitaltransaksjoner											-20	
<b>Egenkapital 31.12.2022</b>	<b>111 770</b>	<b>-700</b>	<b>1 125</b>	<b>35 279</b>	<b>152 300</b>	<b>87 142</b>	<b>7 965</b>	<b>0</b>	<b>54 797</b>	<b>47</b>	<b>449 725</b>	

## 2.3 - Egenkapitaloppstilling (konsern)

Tall i tusen kroner	Innskutt egenkapital				Opptjent egenkapital						Sum egenkapital
	Egenkapitalbevis	Egne EK-bevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebankens fond	Utjevningfond	Gavefond	Fond for vurderingsforskjeller	Fond for urealiserte gevinster	Annen opptjent egenkapital	
<b>Egenkapital 31.12.2022</b>	<b>111 770</b>	<b>-700</b>	<b>1 125</b>	<b>35 279</b>	<b>150 395</b>	<b>88 469</b>	<b>7 965</b>	<b>0</b>	<b>54 797</b>	<b>47</b>	<b>449 147</b>
Resultat etter skatt					5 188	2 140	2 000				9 328
Foreslått utbytte						6 801					6 801
Endring i utsatt skatt estimatavvik											0
Verdiendring egenkapitalinstrument over utvidet resultat									9 757		9 757
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)											0
Skatt på verdiendring utlån											0
<b>Totalresultat 31.12.2023</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>5 188</b>	<b>8 941</b>	<b>2 000</b>	<b>0</b>	<b>9 757</b>	<b>0</b>	<b>25 886</b>
Transaksjoner med eierne											0
Utbetalt utbytte						-3 494					-3 494
Tilbakeholdt utbytte											0
Utbetaling av gaver							-200				-200
Utstedelse av ny hybridkapital											0
Utbetalte renter hybridkapital				-279	-1 282	-1 533					-3 094
Skatt på renter hybridkapital direkte mot EK											0
Endring egne egenkapitalbevis											0
Andre egenkapitaltransaksjoner										136	136
<b>Egenkapital 31.12.2023</b>	<b>111 770</b>	<b>-700</b>	<b>1 125</b>	<b>35 000</b>	<b>154 301</b>	<b>92 382</b>	<b>9 765</b>	<b>0</b>	<b>64 554</b>	<b>183</b>	<b>468 381</b>
<b>Egenkapital 31.12.2021</b>	<b>111 770</b>	<b>-700</b>	<b>1 125</b>	<b>35 000</b>	<b>146 176</b>	<b>93 255</b>	<b>8 030</b>	<b>0</b>	<b>31 228</b>	<b>0</b>	<b>425 884</b>
Resultat etter skatt					2 849	176					3 025
Foreslått utbytte						3 494					3 494
Endring i utsatt skatt estimatavvik											0
Verdiendring egenkapitalinstrument over utvidet resultat									23 569		23 569
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)											0
Skatt på verdiendring utlån											0
<b>Totalresultat 31.12.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 849</b>	<b>3 670</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>23 569</b>	<b>0</b>	<b>30 087</b>
Utbetalt utbytte											0
Utbetaling av gaver						-7 200	-65				-7 265
Utbetalte renter hybridkapital											0
Utstedelse av ny hybridkapital											0
Renter hybridkapital				279	-960	-1 236					-1 917
Skatt på renter hybridkapital direkte mot EK					2 330						2 330
Endring egne egenkapitalbevis										47	47
Andre egenkapitaltransaksjoner										-20	-20
<b>Egenkapital 31.12.2022</b>	<b>111 770</b>	<b>-700</b>	<b>1 125</b>	<b>35 279</b>	<b>150 395</b>	<b>88 469</b>	<b>7 965</b>	<b>0</b>	<b>54 797</b>	<b>47</b>	<b>449 146</b>

## 2.4 - Kontantstrømoppstilling (direkte metode)

	Morbank	
Tall i tusen kroner	2023	2022
<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>		
Nettoutbetaling av lån til kunder	77 578	54 223
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	139 163	90 697
Nettoinn-/utbetaling av innskudd fra kunder	39 112	44 739
Renteutbetalinger på innskudd fra kunder	-61 407	-27 191
Renter på utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	6 583	2 029
Kjøp og salg av sertifikat og obligasjoner	-21 845	-4 318
Renteinnbetalinger på sertifikat og obligasjoner	12 838	4 890
Nettoprovisjonsinnbetalinger	11 780	12 207
Nettoinn-/utbetaling kortsiktige investeringer i verdipapirer		3 700
Utbetalinger til drift	-55 494	-42 437
Betalt skatt	-1 610	-6 682
Utbetalte gaver	-74	
<b>A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>146 623</b>	<b>131 857</b>
<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>		
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapirer	7 778	-16 884
Innbetaling fra salg av langsiktige investeringer i verdi papirer	-11 087	47
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjer	5 376	7 160
<b>B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet</b>	<b>2 068 -</b>	<b>9 678</b>
<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>		
Leieutbetalinger balanseførte leieforpliktelser	-560	-441
Innbetaling ved utstedelse av verdipapirgjeld	300 000	100 000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-150 000	-225 000
Renteutbetalinger på gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	-22 365	-9 773
Innbetaling ved lån fra kredittinstitusjoner		50 000
Utbetaling ved forfall lån fra kredittinstitusjoner	-50 000	-50 000
Renteutbetalinger på lån fra kredittinstitusjoner	-5 379	-3 471
Andre betalinger ved lån fra kredittinstitusjoner	-1 500	1 500
Renteutbetalinger på ansvarlige lån	-1 775	-1 133
Renteutbetalinger på fondsobligasjon	-2 762	-2 196
Utbetalinger fra gavefond	-200	-65
Utbytte til egenkapitalbeviselene	-3 494	-7 200
<b>C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet</b>	<b>61 965 -</b>	<b>147 779</b>
<b>A+ B +C Netto endring likvider i perioden</b>	<b>210 655</b>	<b>-25 600</b>
Likviditetsbeholdning 1.1	137 395	162 995
<b>Likviditetsbeholdning 31.12</b>	<b>348 050</b>	<b>137 395</b>
<b>Likviditetsbeholdning spesifisert:</b>		
Kontanter og kontantekvivalenter	70 694	68 724
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker	277 356	68 671
<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>348 050</b>	<b>137 395</b>

\*Kontantstrømoppstilling for konsern er ikke vesentlig ulik morbank, av den grunn opplyses det kun om kontantstrømmer i morbank



## NOTE 1 – Rekneskapsprinsipp

### GENERELT

Hjelmeland Sparebank er ein sparebank som tilbyr utlån, innskot, betalingsformidling og forsikringstenester. Hovedkontoret ligger i Prestegarden 3, 4130 Hjelmeland. Årsregneskapet 2023 ble godkjent av styret 12. mars 2024.

#### INNHOLDSFORTEGNELSE:

1. GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPEN
2. STANDARDAR, ENDRINGAR OG FORTOLKINGAR TIL EKSISTERANDE STANDARDAR SOM IKKJE ER TRÅDT I KRAFT OG KOR FØRETAKET IKKJE HAR VALT TIDLEG ANVENDING
3. SAMANDRAG AV VESENTLEGE REKNESKAPSPRINSIPP
4. SEGMENTINFORMASJON
5. INNTEKTSFØRING
6. FINANSIELLE INSTRUMENTER – INNREGNING OG FRAREGNING
7. FINANSIELLE INSTRUMENTER -KLASSIFISERING
8. MÅLING TIL VERKELEG VERDI
9. MÅLING TIL AMORTISERT KOST
10. MÅLING AV FINANSIELLE GARANTIER
11. NEDSKRIVING AV FINANSIELLE EIGENDELAR
12. NEDSKRIVINGSMODELL I BANKEN
13. OVERTAKING AV EIGENDELAR
14. PRESENTASJON AV RESULTATPOSTER KNYTT TIL FINANSIELLE EIGENDELAR OG FORPLIKTINGAR TIL VERKELEG VERDI
15. VARIGE DRIFTSMIDDEL
16. NEDSKRIVING AV VARIGE DRIFTSMIDDEL
17. LEIGEAVTALAR
18. KONSOLIDERING
19. INVESTERINGAR I DÅTTERSELSKAP
20. SKATT
21. FONDSOBLIGASJON
22. HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN
23. KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

#### 1.1 GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPEN

Årsrekneskapen er utarbeida i samsvar med Forskrift om årsregneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak («årsrekneskapsforskrifta»). Banken har valt å utarbeida rekneskapen etter årsrekneskapsforskrifta § 1-4, 2. ledd b) som inneber at rekneskapen blir utarbeida i samsvar med IFRS med mindre anna følger av forskrifta. I høve til årsrekneskapsforskrifta har selskapet valt å rekneskapsføra utbytte og konsernbidrag frå dotterselskap i samsvar med regnskapslova sine vedtak.

Tal i noter er angitt for konsern viss ikkje anna er presisert i den enkelte note når tal for morbank og konsern er samanfallande eller uvesentleg forskjellige.

#### 1.2 STANDARDAR, ENDRINGAR OG FORTOLKINGAR TIL EKSISTERANDE STANDARDAR SOM IKKJE ER TRÅDT I KRAFT OG KOR FØRETAKET IKKJE HAR VALT TIDLEG ANVENDING

Det er ingen nye IFRS-standardar eller IFRIC-fortolkingar som ikkje er tredt i kraft som forventa å ha ein vesentleg påverknad i banken sin rekneskap.

#### 1.3 SAMANDRAG AV VESENTLEGE REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, med mindre anna er spesifikt angitt.

#### 1.4 SEGMENTINFORMASJON

Driftssegment blir rapportert slik at dei stemmer med rapportar for segmenter i høve til den interne rapporteringa i Hjelmeland Sparebank.

#### 1.5 INNTEKTSFØRING

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir nytta for balansepostar som blir vurdert til amortisert kost og for fordringar som vurdert til verkeleg verdi i balansen og amortisert kost i resultatet med forskjellen i endring i verkeleg verdi og resultatføring etter amortisert kost presentert over andre inntekter og kostnader. For renteberande balansepostar som blir vurdert til verkeleg verdi over resultatet inntektsføres den nominelle renta løpande, mens verdiendringar blir rekneskapsført ved periodeslutt. Renteinntekter på engasjement som er kredittforringet blir berekna ved bruk av effektiv rente på nedskriven verdi. Renteinntekter på engasjement som ikkje er kredittforringet, blir berekna ved bruk av effektiv rente på brutto amortisert kost (amortisert kost før avsetning for forventa tap).

Den effektive renta er den renta som får noverdien av framtidige kontantstraumar for lånet si forventa løpetid til å bli lik bokført verdi av lånet ved første gangs balanseføring. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, samt eventuelt restverdi ved utløpet av forventa løpetid

Renteinntekter på finansielle instrumenter klassifisert som utlån blir inkludert på linja for netto renteinntekter.

Gebyr og provisjonar blir resultatført etter kvart som tenesta blir ytt. Gebyr for etablering av låneavtaler inngår i kontantstraumane ved å rekna amortisert kost og inntektsføra under netto renteinntekter etter effektiv rentemetode. I andre driftsinntekter inngår blant anna

gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester. Resultatføringa skjer når tenestene er levert.

Utbytte frå investeringar blir resultatført på det tidspunkt utbyttet er vedtatt på forstandarskapsmøtet.

Inntektsføring i dotterselskap skjer etter opptjeningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader tas med etter samanstillingsprinsippet, det vil seia at kostnader tas med i same periode som tilhøyrande inntekter inntektsføres

## 1.6 FINANSIELLE INSTRUMENTER – INNREGNING OG FRAREGNING

Finansielle eigendelar og forpliktingar blir rekna inn når banken blir part i instrumentet sine kontraktmessige vilkår. Finansielle eigendelar blir rekna frå når dei kontraktmessige rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eigendelane avsluttar, eller når føretaket overfører den finansielle eigendelen i ein transaksjon der all eller tilnærma all risiko og fortjenestemoglegheiter knytt til eigarskap av eigendelen blir overført.

Finansielle forpliktingar blir rekna i frå på det tidspunkt retten til dei kontraktmessige vilkåra er innfridd, kansellert eller avslutta.

Dersom det blir gjort modifiseringar eller endringar i vilkåra til ein eksisterande finansiell eigendel eller forplikting blir instrumentet behandla som ein ny finansiell eigendel dersom dei reforhandla vilkåra er vesentleg forskjellige frå dei gamle vilkåra. Dersom vilkåra er vesentleg forskjellig blir dei rekna frå den gamle finansielle eigendelen eller forpliktelsen, og en ny finansiell eigendel eller forplikting blir rekna inn. Generelt blir et utlån vurdert til å være ein ny finansiell eigendel dersom det blir skrive ut ny lånedokumentasjon, samtidig som det blir tatt ny kredittprosess med fastsetting av nye lånevilkår.

Dersom det modifiserte instrumentet ikkje blir vurdert å vera vesentleg forskjellig frå det eksisterande instrumentet, blir instrumentet rekneskapsmessig sett på å vera ei vidareføring av det eksisterande instrumentet. Ved ei modifisering som blir rekneskapsført som ei vidareføring av eksisterande instrument, blir dei nye kontantstraumane diskontert med instrumentet si opphavsrente og eventuell forskjell mot eksisterande balanseført beløp blir resultatført over ordinært resultat.

## 1.7 FINANSIELLE INSTRUMENTER -KLASSIFISERING

Ved første gongs rekneskapsføring blir finansielle instrument klassifisert i ein av de følgjande kategoriar, avhengig av typen instrument og formålet med investeringa.

Finansielle eigendelar blir klassifisert i gruppene:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader
- Verkeleg verdi med verdiendring over resultat

Finansielle forpliktingar blir klassifisert som:

- Finansielle forpliktingar til verkeleg verdi med verdiendringar over resultat
- Andre finansielle forpliktingar målt til amortisert kost.

IFRS 9 regulerer at alle finansielle eigendelar blir klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrumenta. Utlån med flytande rente er klassifisert til amortisert kost. Banken har anledning til å overføre utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt som har belåningsgrad under 75 %. Banken overfører utlån frå eigen balanse berre unntaksvis og berre med uvesentleg volum. Banken har derfor klassifisert utlån som kan bli overført til Eika Boligkreditt til amortisert kost.

Banken si likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i høve til den forretningsmodellen som styrer forvaltninga av likviditetsporteføljen. Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader utan resirkulering. Disse eigenkapitalinstrumenta er ikkje derivat eller haldne for handelsformål.

Finansielle forpliktingar blir målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. I kategorien finansielle forpliktingar til amortisert kost inngår klassene innskott frå og forpliktingar overfor kundar og renteberande forpliktingar som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

## MÅLING

### 1.8 MÅLING TIL VERKELEG VERDI

Verkeleg verdi av finansielle instrument som blir omsett i aktive marknader blir fastsett med å vise til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlarar av finansielle instrument. Marknaden er aktiv dersom det er mogleg å skaffa fram eksterne observerbare prisar, kursar eller renter og disse prisene representerer faktiske og hyppige marknadstransaksjonar.

For finansielle instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad, fastsett den verkelege verdien ved hjelp av ein eigna verdsettingsmetode. Slike verdsettingsmetodar omfattar bruk av nyleg tekne marknadstransaksjonar på ei armlengd avstand mellom velinformerte og frivillige partar, dersom slike er tilgjengelege, viser til verkeleg verdi av eit anna instrument som praktisk talt er det same, diskontert kontantstraumberekning eller andre verdsettingsmodellar. I den grad observerbare marknadsprisar er tilgjengeleg for variablar som inngår i verdsettingsmodellar, så blir desse nytta. Det blir ikkje gjort frådrag for transaksjonskostnader ved fastsetting av verkeleg verdi.

## 1.9 MÅLING TIL AMORTISERT KOST

Finansielle instrumenter som ikkje målt til verkeleg verdi, målt til amortisert kost, og inntektene/ kostnadene blir rekna ved bruk av instrumentet si effektive rente. Amortisert kost blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innafor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer og etableringsgebyr direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte blir betalt av kunden, samt eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Viss forventa tap er inkludert ved berekninga av effektiv rente så blir forventa tap inkludert i kontantstraumane ved berekning av amortisert kost. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar diskontert ned med den effektive renta med frådrag for avsetning for forventa tap.

## 1.10 MÅLING AV FINANSIELLE GARANTIER

Skrivne ut finansielle garantiar blir vurdert til verkeleg verdi, som ved første gangs regnskapsføring blir sett på å være mottatt vederlag for garantien. Ved etterfølgande måling blir utskrivne finansielle garantiar vurdert til det høgaste beløp av mottatt vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og forventa tap berekna etter reglene for nedskrivning av finansielle eigendelar.

## 1.11 NEDSKRIVING AV FINANSIELLE EIGENDELAR

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane vera rekna inn basert på forventa tap på kreditt. Den generelle modellen for nedskrivningar av finansielle eigendelar omfattar finansielle eigendelar som målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. I tillegg er også løyve om lån som ikkje målt til verkeleg verdi over resultatet, finansielle garantikontrakter, kontraktseigendelar og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Eit finansielt instrument som ikkje er kreditforringa vil ved første gong balanseføring få ei avsetning for tap tilsvarande 12-månadars forventa tap, og klassifisert i steg 1. 12-månadars forventa tap er noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som er forventa å inntreffe over levetida til instrumentet, men som kan knytt til misleghald som inntreff dei første 12 månadanane.

Dersom kredittrisikoen, vurdert som sannsynleg for misleghald over levetid som er igjen for ein eigendel eller gruppe av eigendelar, er sett på å ha auka vesentleg sidan første gangs innrekning skal det blir gjort ei tapsavsetning tilsvarande noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som er forventa å inntreffa over heile den forventa levetida til eigendelen, og eigendelen skal bli reklassifisert til steg 2.

For utlån klassifisert i høvesvis steg 1 og 2 berekna renta basert på brutto balanseført verdi og avsetninga for tap er normalt modellbasert.

Dersom det oppstår en kredittforringing, skal instrumentet flytta til steg 3. Renteinntekter blir då rekna inn basert på netto balanseført verdi og tapsavsetninga blir sett normalt på individuell basis. For ytterlegare detaljer blir det vist til IFRS 9.

## 1.12 NEDSKRIVINGSMODELL I BANKEN

Forventa kreditttap (ECL) i steg 1 og 2 blir rekna som  $EAD \times PD \times LGD$ , neddiskontert med effektiv rente. Eika har utvikla egne modellar for å rekna ut sannsynlegheita for mislighald (PD) og tap gitt mislighald (LGD). Banken nyttar seg av Eika sin løysing for å rekna ut eksponeringa ved mislighald (EAD), vurderinga om eit engasjement har hatt vesentleg auke i kredittrisiko sidan førstegongs innrekning og sjølve rekninga av forventa kreditttap (ECL). Nedskrivningsmodellen er ytterlegare beskrive i note 2

## 1.13 OVERTAKING AV EIGENDELAR

Eigendelar som blir overtatt i forbindelse med oppfølging av misleghaldne og nedskrivne engasjement, blir verdien ved overtakinga sett til verkeleg verdi. Slike eigendelar blir klassifisert i balansen etter sin art. Etterfølgande verdivurdering og klassifisering av resultatteffekt følger prinsippa for den aktuelle eigendelen.

## 1.14 PRESENTASJON AV RESULTATPOSTER KNYTT TIL FINANSIELLE EIGENDELAR OG FORPLIKTNINGAR TIL VERKELEG VERDI

Realiserte gevinst/(tap) samt endringar i estimerte verdier på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet, inkludert utbytte, blir tatt med i rekneskapen under "Netto gevinst/(tap) på finansielle instrumenter" i den perioden dei oppstår.

Banken har ingen derivater og benytter seg følgelig ikke av sikringsbokføring.

## 1.15 VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel omfattar bygningar, tomter og driftslausøre, og er vurdert til anskaffingskost trekt frå akkumulerte avskrivningar og nedskrivningar. Anskaffingskost for varige driftsmiddel er kjøpspris, inkludert avgifter /skattar og kostnader direkte knytt til å setta anleggsmiddelet i stand for bruk. Utgifter påkomne etter at driftsmiddelet er tatt i bruk, slik som løpande vedlikehald, blir resultatført, mens andre utgifter som er forventa å gi framtidige økonomiske fordeler, blir balanseført. Det er nytta lineære avskrivningar for å allokera kostpris over driftsmiddelet si brukstid.

## 1.16 NEDSKRIVING AV VARIGE DRIFTSMIDDEL

Ved kvart rapporteringstidspunkt og dersom det ligg føre indikasjonar på fall i varige driftsmiddel sin verdi, vil eigendelen sitt beløp for gjenvinning bli estimert for å berekna eventuell nedskrivning. Beløp for gjenvinning er det høgaste av eigendelen sin verkelege verdi med fråtrekk av ved sal og bruksverdi.

Eigendelen sin balanseførte verdi blir nedskreven dersom balanseført verdi er høgare enn estimert beløp for gjenvinning.

## 1.17 LEIGEAVTALAR

IFRS 16 angir en felles modell som skal anvendes for alle leieavtaler, med enkelte unntak, hvor bruksretten til en spesifikk eiendel overføres fra utleier til leietaker for en spesifikk periode.

For å fastsetta om ein kontrakt inneheld ein leigeavtale, er det vurdert om kontrakten overfører retten til å kontrollera bruken av ein identifisert eiendel. Standarden har hovudsakeleg fått betydning for leigeavtalar knytt til kontorlokale, som medfører at husleiekostnader ikkje lenger blir rekneskapsført som driftskostnad, men som avskrivning av bruksrett eigendel og rentekostnad på tilhøyrande leigeforplikting i resultatrekneskapen. Bankens IT-avtaler er ikkje vurdert å falle inn under IFRS 16 siden disse er basert på kjøp av kapasitet som ikkje er fysisk adskilt og dermed ikkje identifiserbare. Leigeavtalar med låg verdi (mindre enn 5 000 USD) og leigeavtalar med ein leigeperiode på 12 månader eller mindre vil ikkje bli balanseført. Leigeavtalene som fell inn under disse unntaka blir rekna inn løpande som andre driftskostnader.

Banken har rekna inn sine leigeforpliktingar til noverdien av dei leigebetalningane som er igjen diskontert med marginal lånerente på tidspunktet for ved første gang bruk. Leigeperioden er rekna basert på avtalen si varigheit tillagt eventuelle opsjonsperiodar dersom disse med rimeleg sikkerheit vil bli utøvd. Eventuelle opsjonar i leigeavtalen og/eller utgifter forbundet med utkjøpsklausular før endeleg kontraktsutløp er medregnet i leigeforpliktinga dersom det er sannsynleg at opsjon eller klausul vil bli nytta. Felleskostnader og andre variable leigebetalningar etc. vil ikkje bli innregnet i leigeforpliktinga for husleiekontraktane og blir ført som driftskostnad. Diskonteringsrente for leigeavtalar er fastsett ved å anvende leietakar si marginale lånerente, det vil sei den rentesats ein leigetakar i eit liknande økonomisk miljø måtte betala for å lånefinansiera, i ein tilsvarande periode og med tilsvarande sikkerheit, dei midlar som er nødvendige for ein eigendel av liknande verdi som bruksretten til eigendelen. Renta tar omsyn til både risikofri rente, kredittrisiko og leiespesifikt påslag, her under sikkerheit/pant i leigeavtalen. Renta vil bli tilpassa den faktiske leigekontrakten sin varigheit, type eigendel etc.

Ved etterfølgande målingar målt leigeforpliktinga til amortisert kost ved bruk av effektiv rente-metoden. Leigeforpliktinga målt på nytt når det skjer ei endring i framtidige leigebetalningar som oppstår som følge av endring i ein indeks eller viss banken endrar vurdering om den vil utøva forlengings- eller termineringsopsjonar. Når leigeforpliktinga målt på nytt på denne måten, blir det føretatt ei tilsvarande justering av balanseført verdi av bruksretten, eller blir ført i resultatet dersom den balanseførte verdien av bruksretten er redusert til null.

Ved første gong rekna inn i balansen målt bruksretten til anskaffingskost dvs. leigeforpliktinga (noverdi av leigebetalningane) pluss forskudsleiepluss og eventuelle direkte anskaffingskostnader. I etterfølgande periodar målt bruksretten ved å bruka av ein anskaffingsmodell.

Bruksrettane er i balansen presentert som ein del av «Varige driftsmiddel», mens leigeforpliktingane blir presentert som «Andre avsetningar» i balansen. Bruksrettane som blir avskrivne, er gjenstand for ein nedskrivningstest i samsvar med IAS 36 når omstenda indikerer det.

## 1.18 KONSOLIDERING

Det konsoliderte regnskapet omfatter morbanken og Ryfylke EiendomsMegling. Regnskapsprinsippene anvendes konsistent ved innarbeiding av eierinteresser og rapportering er basert på de samme regnskapsperioder som morselskapet. Konserninterne transaksjoner og saldoer mellom de konsoliderte selskapene er eliminert.

## 1.19 INVESTERINGER I DÅTTERSELSKAP

Investering i dotterselskap bokførast eiter eigenkapitalmetoden. Datterselskap er definert som selskaper hvor Hjelmeland Sparebank har kontroll direkte eller indirekte, eierinteresser eller andre forhold. Normalt antas banken å ha kontroll når eierinteressene i et annet selskap utgjør mer enn 50%.

## 1.20 SKATT

Skattekostnad består av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er berekna på alle forskjellar mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdi på eigendelar og gjeld, samt underskot til framføring.

Utsett skattefordel er regnskapsført når det er sannsynleg at banken vil ha tilstrekkeleg skattemessige overskot i seinare periodar til å nyttiggjera skattefordelen. Banken regnskapsfører tidlegare ikkje regnskapsført utsett skattefordel i den grad det har blitt sannsynleg at banken kan nytta seg av den utsette skattefordelen. På same måte vil selskapet redusere utsett skattefordel i den grad banken ikkje lenger ser det som sannsynleg at det kan nyttiggjera seg av den utsette skattefordelen.

Utsett skatt og utsett skattefordel er målt basert på forventa framtidige skattesatsar og skattereglar som gjelder på balansedagen, eller som det er sannsynleg at det blir venta vedtatt, og som er venta å skulle bli nytta når den utsette skattefordelen blir realisert eller når den utsette skatten skal bli gjort opp.

Betalbar skatt og utsett skatt er regnskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad skattepostane relaterer seg til eigenkapitaltransaksjonar, med unntak av fondsobligasjonar der

skatteeffekten av rentekostnaden føres i ordinært resultat og konsernbidrag frå mor- eller søsterselskap som blir resultatført.

## 1.21 FONDSOBLIGASJON

Fondsobligasjonar som er evigvarande, og der banken har ein ein-sidig rett til å ikkje betala renter til investorane under gitte vilkår, tilfredsstillar ikkje definisjonen til finansielle forpliktingar i høve til IAS 32. Slike obligasjonar blir klassifiserte som eigenkapital i balansen (hybridkapital) og renta blir behandla som utbytte og presentert som reduksjon i sparebankens fond og utjamningsfond.

## 1.22 HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Ny informasjon etter balansedagen om selskapet si finansielle stilling på balansedagen er tatt omsyn til i årsrekneskapen. Hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverka selskapet si finansielle stilling i framtida er opplyst om dersom dette er vesentleg.

## 1.23 KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstrømoppstillinga er utarbeidet etter den direkte metode, og viser kontantstrømmen gruppert etter kilder og anvendelsesområder. Likvider omfatter kontanter og fordringar på Norges Bank, samt utlån til og fordringar på kredittinstitusjoner.

## NOTE 2 - Kredittrisiko

### 2.1 DEFINISJON AV MISLEGHOLD

Banken har frå og med 01.01.2021 brukt European Banking Authority sine retningslinjer for korleis bankar skal anvende misleghaldsdefinisjon i kapitalkravsforordninga (CRR), samt presiseringar i CRR/CRD IV forskrifta. Det følger av disse reglane at ein kunde vil bli klassifisert som misleghalden dersom minst eitt av følgjande kriterium er oppfylt:

- Kunden har eit overtrekk som både overstig ei relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhengande dagar. For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1% av kundens samla eksponeringar.
  - For PM-kundar er den absolutte grensa lik 1.000 kroner
  - For BM-kundar er den absolutte grensa lik 2.000 kroner
- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine kredittforpliktingar overfor banken (unlikely to pay – UTP).
- Kunden er smitta av ein annan kunde som er i misleghald i høve til dei to første kriteriuma nemnd over.

Ny definisjon av misleghald inneberer innføring av karenperiode som tilseier at kundane blir kategorisert som misleghaldne ein periode etter at misleghaldet er brakt i orden. Karenperioden er tre månadar etter friskmelding med unntak av engasjement med

forbearance-markering der tilhøyrande karenperioden er tolv månadar.

### 2.2 EKSPONERING VED MISLEGHOLD (EAD)

EAD for avtaler i steg 1 består av uteståande fordring eller forplikting justert for kontantstraumar dei neste 12 månadanane og for avtaler i steg 2 dei kontantstrømmane som er diskontert ned for den forventade levetida til avtalen. For garantiar er EAD lik den uteståande forpliktinga på rapporteringsdatoen multiplisert med ein konverteringsfaktor på 1 eller 0,5 avhengig av type garanti. Unyttede kredittar har EAD lik uteståande unyttede kreditt på rapporteringstidspunktet.

Forventade levetid på ein avtale blir berekna ut frå liknande avtaler si historisk gjennomsnittlege levetid.

Avtalar som blir modifiserte blir målt frå opphavsleg tidspunkt dei blei innvilga sjølv om avtalen får nye vilkår.

### 2.3 TAP VED MISLEGHOLD (LGD)

Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankar basert på ulike intervall av sikkerheitsdekning. Datagrunnlaget blir oppdatert med tapshistorikk for nye periodar. Modellane skil mellom person- og bedriftskundar.

#### Personkundar

- Kundar med sikkerheit i fast eigedom
- Kundar med annan sikkerheit enn fast eigedom
- Kundar utan registrert sikkerheit

#### Bedriftskundar

- Kundar med sikkerheit
- Kundar utan sikkerheit

Verdien av sikkerheiter er tatt omsyn til og baserer seg på estimerte realisasjonsverdiar.

### 2.4 SANNSYNLIGHET FOR MISLEGHOLD (PD)

Bankens PD-modell er utvikla av Eika Gruppen. PD-modellen estimerer at det er sannsynleg for misleghald ved å estimere statistiske samanhengar mellom misleghald og kundens finansielle stilling, demografiske data og betalingsadferd. For deler av porteføljen blir det nytta policykoder når kunden sin risiko ikkje kan bli berekna på ordinær måte, dette kan skuldast kundetype eller hending. Kundar med policykode blir overstyrt til ein risikoklasse med tilhøyrande førehandsdefinert PD.

Modellen skil mellom personkundar og bedriftskundar, og måler kva som er sannsynleg for misleghald de neste 12 månadar (PD 12 månadar). Totalmodellen består vidare av to undermodellar, her ein modell for handlemåte og ein generisk modell, som blir vekta ulikt basert på tid som kunde og tid sidan siste kredittsøk. Totalmodellen består kun av den generiske modellen i dei tilfelle der kundeforholdet og tid sidan siste kredittsøk har vore kortare enn ein førehandsdefinert tidshorison. Berre modell for handlemåte blir

nytta dersom kundeforholdet og tid sidan siste kredittsøk har vore lengre enn ein gitt tidshorison. I alle andre tidshorisonar vil ein kombinasjon av modellane blir nytta. Dette gjeld også for BM-kundar som ikkje er gjenpartspliktige.

Modellen for handlemåte angir PD 12 månadar basert på observert handlemåte frå kundane sine konti, transaksjonar og produktfordeling.

Generisk modell angir PD 12 månadar basert på offentlig informasjon. Generisk modell er utvikla av Bisnode på alle norske føretak/hushalda med konkurs/ alvorleg betalingsmerknad som utfallsvariabel.

For bedriftskundar består den generiske modellen av fire undermodellar, her enkeltmannsføretak (ENK), føretak der eigar direkte hefter for gjeld (ANS/DA), andre føretak med innlevert rekneskap og andre føretak utan rekneskap.

For personkundar består den generiske modellen av fem undermodellar, derav fire er delt opp etter kunden sin alder (18-26 år, 27-42 år, 43-65 år og 66+ år) og den siste består av personar, uansett alder, med minst ein aktiv betalingsmerknad.

Med utgangspunkt i PD 12 månadar, blir det sannsynleg å berekna misleghald over engasjementet si forventa levetid (PD liv) med ei migrasjonsbasert framskrivning, samt justeringar for forventningar til framtida (omtalt nedanfor). Modellane blir årleg validert og rekalkibrert ved behov. Ved forverring av modellane sin kvalitet blir det utvikla nye modeller

## 2.5 VESENTLEG AUKE I KREDITTRISIKO (MIGRERING)

Vesentleg auke i kreditttrisiko blir målt basert på utvikling i PD. PD slik den ble estimert å vera på rapporteringstidspunktet den gongen eigedelen for første gang blei innrekna (PD ini), samanlikna med det PD faktisk er på rapporteringstidspunktet. Dersom PD er høgare enn forventa på rapporteringstidspunktet må det bli vurdert om det har førekome ein vesentleg auke i kreditttrisiko.

For engasjement som hadde opphæveleg PD 12 månadar mindre enn 1 %, er vesentleg auke definert som: PD 12 månadar > PD 12 månadar ini + 0,5 % og PD liv > PD liv ini \* 2.

For engasjement som hadde opphæveleg PD 12 månadar over eller lik 1 %, er vesentleg auke definert som: PD 12 månadar > PD 12 månadar ini + 2 % eller PD liv > PD liv ini \* 2.

For å fange opp den ulike sensitiviteten for kreditttrisiko i dei ulike endane av risikoskalaen er det sett minimumsgrenser som må overskrida for at auken skal være definert som vesentleg. Dersom eigedelen hadde ein opphæveleg PD på mindre enn 1 % er ein vesentleg auke definert som PD 12 månadar > PD 12 månadar ini + 0,5 % kombinert med ei endring i PD liv med ein faktor på 2 eller høgare. For engasjement med opphæveleg PD over 1% er ein vesentleg auke definert som PD 12 månadar > PD 12 månadar ini + 2 % eller dersom endring i PD liv har overskride ein faktor på 2. Av migreringsreglane følger det at banken nyttar eit lågrisikountak på 0,5 %.

Det føreligg ingen spesifikke karenskriterier med tanke på migrering, følgeleg vil engasjementet bli tilbakeført til steg 1 dersom tilhøyrande PD endringar ikkje lenger oppfyller krava til vesentleg auke i kreditttrisiko.

Det er i tillegg to absolutte kriterie som alltid definerer ein vesentleg auke i kreditttrisiko.

- Eigedelen er ikkje kredittforringa, men det er gitt betalingslette i forbindelse med at kunden er i finansielle vanskar.
- Eigedelen har eit overtrekk på minimum 1.000 kroner i meir enn 30 samanhengande dagar.

## 2.6 FORVENTA KREDITTAP BASERT PÅ FORVENTNINGAR TIL FRAMTIDA

IFRS 9 krev at framoverskuande informasjon blir inkludert i vurdering av forventa tap på kreditt. Forventningane til framtida er tatt hensyn til gjennom ein makroøkonomisk regresjonsmodell for henholdsvis PM og BM som vurderer endring i sannsynligheten for mislighald (PD) i tre scenarier – basis (normal makroøkonomiske situasjon), nedsida (vesentleg økonomisk nedgangskonjunktur) og oppsida (eit scenario i høgkonjunktur). I basissceneriet er det benytta makroprognoser frå SSBs rapport «Konjunkturtrendensene» og meir langsiktige prognoser frå IMF for å få ein lengre prognoseperiode enn kva som framgår av SSB-rapporten.

Tabellen under viser makroprognoser for basis-scenariet:

Makroprognoser	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
BNP Fastlands-Norge	0,9	1,7	2,4	2,2	2,0	1,8
Pengemarkedsrente (nivå)	4,7	3,9	3,3	3,3	3,1	2,9
Arbeidsledighetsrate (nivå)	3,9	4,1	4,2	4,0	4,0	4,0

Opp- og nedsidescenariet er utledet gjennom et gitt antall standardavvik positivt eller negativt utslag i makrovariablene sammenlignet med basisprognosen fra SSB. Ved vurdering av antall standardavvik utslag er det sett hen til Norges Bank og Finanstilsynets stresstester, sett i sammenheng med vektningen av scenariene. Scenarioene er gitt følgende sannsynlighetsvekting; basis 70 %, nedsida 20 % og oppsida 10 %. I alle tre scenarioene antas økonomien å vende tilbake til et felles snitt mot slutten av en femårs prognoseperiode.

Tabellen viser makromodellens forventede misligholdsnivå i forhold til dagens misligholdsnivå for personmarkedet. En faktor på 1,6 betyr at kundenes PD forventes å være 60 % høyere enn dagens PD. Tilsvarende betyr en faktor på 0,3 at PD forventes å være 30 % av dagens PD.

År	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
<b>Basis</b>	1,2	1,2	1,1	1,0	1,0	0,9
<b>Nedside</b>	2,1	2,0	1,8	1,3	1,1	0,9
<b>Oppside</b>	0,7	0,7	0,6	0,8	0,8	0,9
<b>Vektet</b>	<b>1,3</b>	<b>1,3</b>	<b>1,2</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>	<b>0,9</b>

Tabellen viser makromodellens forventede misligholdsnivå i forhold til dagens misligholdsnivå for bedriftsmarkedet.

År	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
<b>Basis</b>	1,1	1,0	0,8	0,8	0,8	0,9
<b>Nedside</b>	2,3	2,0	1,7	1,1	1,0	0,9
<b>Oppside</b>	0,6	0,5	0,4	0,5	0,7	0,9
<b>Vektet</b>	<b>1,3</b>	<b>1,2</b>	<b>0,9</b>	<b>0,8</b>	<b>0,8</b>	<b>0,9</b>

I implementering av makrofaktorane i IFRS 9-modellen er alle faktorane for PM dividert med 1,25 og med 1,20 for BM for å ta høyde for overestimering av misligholdssannsynlighet i banken sin PD-modell. Det blir antatt at PM og BM-modellen vil overestimera misligholdssannsynlighetane med henholdsvis 25 og 20 % i framtida.

I note 13 fremkommer resultatene av utvalgte scenarioberegninger, blant annet forventet kredittap dersom henholdsvis makrofaktorene i nedside- og oppsidescenarioet var benyttet i beregningene.

## 2.7 NEDSKRIVINGAR I STEG 3

Banken gjennomgår heile bedriftsportefølja årleg, og store og spesielt risikable engasjement blir gjennomgått løpande. Lån til privatpersonar blir gjennomgått når dei er misleghaldne eller dersom dei har dårleg betalingshistorikk. Ved estimering av nedskrivning på enkeltkunder blir både aktuell og forventa framtidig finansiell stilling vurdert, og for engasjement i bedriftsmarkedet også marknadssituasjonen for kunden, aktuell sektor og marknadforhold generelt. Moglegheita for rekapitalisering, restrukturering og refinansiering blir også vurdert. Samla vurdering av desse forholda ligg til grunn for estimering av framtidig kontantstraum. Kontantstraumane blir som hovudregel estimert over ein periode tilsvarende forventa løpetid for den aktuelle kunden, eller gruppe av kunders dersom dette er like trekk knytt til kundane. Banken set av for tap i steg 3 dersom kunden er kredittforringa. Ved vurdering av tapsavsetninga heftar det usikkerheit ved estimering av tidspunkt og beløp for framtidige kontantstraumar inkludert verdsetting av sikkerheitsstilling. Det blir vist til note 11 for oversikt over nedskrivning på utlån og garantiar.

## 2.8 KREDITTRISIKO

Banken tar kredittisiko, som er risikoen for at motparten vil påføre banken eit tap ved ikkje å gjera opp banken sitt tilgodehavande. Kreditteksponering er primært knytt til uteståande lån og gjeldspapir.

Det er også kredittisiko knytt til "off-balance" finansielle instrument som lånetilsagn, unytta kreditt og garantiar.

Se note 6-13 for vurdering av kredittisiko.

## 2.9 KLASSIFISERING

Sannsynlegheit for misleghald blir brukt som mål på kredittkvalitet. Banken deler porteføljen inn i ti risikoklasser, basert på PD for kvart kredittengasjement. sjå den underliggende tabellen. Kredittforringa engasjement (steg 3) er gitt en PD på 100 prosent. Bankens portefølje inndelt etter risikoklasser og steg er presentert i note 6.

Risikoklasse	Sansynlighet for mislighold fra	Sansynlighet for mislighold til
1	0,00 %	0,10 %
2	0,10 %	0,25 %
3	0,25 %	0,50 %
4	0,50 %	0,75 %
5	0,75 %	1,25 %
6	1,25 %	2,00 %
7	2,00 %	3,00 %
8	3,00 %	5,00 %
9	5,00 %	8,00 %
10	8,00 %	100,00 %

## 2.10 KONSENTRASJONSRIKISO

Bankens portefølje til bedriftsmarkedet er redusert i perioda. Det er likevel ein auking utlån til primærnæringer som gir ein auking i konsentrasjonsrisikoen til bedriftsportefølja. Den geografiske konsentrasjonen av portefølja ligg i hovudsak i Rogaland, der fordelinga mellom kommunane er liknande som tidlegare år og risikobiletet vurderast å være uendra.

## NOTE 3 - Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir vurdert løpande og er basert på historisk erfaring og andre faktorar. For regnskapsformål nyttar banken estimat og tru om framtida.

Rekneskapsestimat kan avvike frå dei oppnådde resultat, men dei er basert på beste estimat på tidspunkt for avlagt rekneskap. Estimater og å anta som har betydeleg risiko for vesentleg å påverka balanseført verdi av eigendelar eller forpliktingar er behandla nedanfor. Nedanfor blir dei mest vesentlege skjønsmessige vurderingane gjennomgått, som banken si leing legg til grunn ved framlegging av rekneskapen.

## 3.1 NEDSKRIVING PÅ UTLÅN OG GARANTJAR

Banken gjennomgår utvalde terskelverdiar av bedriftsmarkedet porteføljen årleg. Store og spesielt risikable, samt kredittforringa engasjement blir gjennomgått kvartalsvis. Lån til

privatpersonar blir gjennomgått når dei er misleghaldne og seinast etter 90 dagar, eller dersom dei har ein særskild dårlig betalingshistorikk.

Bankens system for risikoklassifisering er omtalt under risikostyring. Banken tar individuell vurdering av nedskrivingsbehovet dersom det føreligg kredittforringing som identifiserer på enkeltengasjement, og kredittforringinga medfører redusert framtidig kontantstraum til betjening av engasjement. Eksempel på kredittforringing vil vera misleghald, konkurs, likviditet eller andre vesentlege finansielle problem.

Nedskrivingar i steg 3 blir berekna som forskjellen mellom lånet sin bokførte verdi og noverdien av diskontert forventta kontantstraum basert på effektiv rente. Andre nedskrivingar i steg 1 og 2 baserer seg på tapestimata berekna med grunnlag på 12 månaders og livslang sannsynlegheit for misleghald (probability of default – PD), tap ved misleghald (loss given default – LGD) og eksponering ved misleghald (exposure at default – EAD).

Se note 12 for berekning av sensitivitet.

### 3.2 VERKELEG VERDI I IKKJE AKTIVE MARKNADER

Verkeleg verdi på finansielle instrumenter som ikkje er notert i ein aktivt marknad (nivå 2 og 3) er verdsett ved bruk av verdsettingsteknikkar, slike verdsettingar vil være hefta med usikkerheit. Verdsettingsteknikkar (for eksempel modellar) som er nytta for å bestemma verkeleg verdi, er vurdert periodisk opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogleg blir observerbare data nytta, men på områder som kredittisiko volatilitet og korrelasjonar må estimat bli nytta. Endring i forutsetningane om desse faktorane kan påverka verkeleg verdi på finansielle instrument.

Se note 13 for sensitivitetsberekning.

## NOTE 4 – Risikostyring

### 4.1 RISIKOSTYRING

Banken sine forretningsaktivitetar gjer at verksemda er eksponert for ei rekke finansielle risikoar. Målsettinga til banken er å oppnå balanse mellom avkastning og risiko, og å minimera potensielle negative verknadar på banken sitt finansielle resultat. Banken si finansielle risikostyring er etablert for å identifisera og analysa desse risikoane, samt å etablera passende risikorammer og -kontrollar. Dette blir overvaka gjennom bruk av påliteleg og oppdatert system for informasjon. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinjene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikra at endringar i produkt og marknader blir reflektert i risikorammene.

Ansvaret for banken si risikostyring og kontroll er delt mellom banken sitt styre og leiing. Styret vedtek banken sitt mål og

rammestruktur innanfor alle risikoområder, her under retningslinjer for styring av risiko.

Administrerande banksjef har ansvaret for banken si samla risikostyring. Alle vedtak som er knytt til risiko og risikostyring blir normalt fatta av administrerande banksjef i samråd med resten av leiinga i banken. Uavhengig risiko- og compliance rapport framleggast kvartalsvis til styret, og styret foretar løpende vurderingar av de ulike risikoforholdene knytta til bankens virksomhet.

Alle leiarane i banken har ansvar for å styra risiko og sikra god intern kontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtekte risikoprofil.

### 4.2 LIKVIDITESRISIKO

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri sine forpliktingar ved forfall, samt risikoen for at banken ikkje klarer å møta sine likviditetsforpliktingar og/eller finansiare sin aktivitet utan at det oppstår vesentlege ekstraomkostningar. Ut i frå eit breiare perspektiv inneheld likviditetsrisiko også risiko for at banken ikkje er i stand til å finansiera auke i eigendelar etter kvart som behovet for å refinansiera aukar. Likviditetsstyringa tek utgangspunkt i banken sin overordna likviditetspolicy vedteke av styret. Likviditetspolicyen blir gjennomgått årleg. Banken sine rammer og retningslinjer for likviditetsrisiko gjenspeiler banken sin konservative risikoprofil på området. Innskot i banken består primært av innskot frå heilkundar i banken sitt marknadsområde. Sjå note 14 for vurdering av likviditetsrisiko.

### 4.3 MARKNADSRISIKO

Banken er eksponert for marknadsrisiko, som er risikoen for at verkeleg verdi av framtidige kontantstraumar som er knytt til finansielle instrumenter vil bli endra pga. endringar i marknadsprisar. Marknadsrisiko er knytt til opne posisjonar i rente- og aksjeprodukt som er eksponert mot endra marknadsprisar og endringar i volatiliteten til prisar som rentesatsar, kredittspreadar og aksjeprisar.

Styring av marknadsrisiko tek utgangspunkt i styrevedtatt policy for marknadsrisiko kor det er satt rammer for eksponering innan ulike risikokategoriar. Risikoeksponering og -utvikling blir overvaka løpende og blir rapportert periodisk til styre og leiinga. Sjå note 15-17 for vurdering av marknadsrisiko.

### 4.4 OPERASJONELL RISIKO

Risikoen for tap som oppstår på grunn av svakheiter eller feil i prosessar og system, feil gjort av tilsette, eller eksterne hendingar. Styring av operasjonell risiko tek utgangspunkt i banken sin policy for operasjonell risiko og internkontroll. Det blir gjennomført risikovurderingar både på overordna nivå, men også innanfor ulike prosessar som banken til ei kvar tid er eksponert for. Hendingar som har påverka, eller kan påverka banken si inntening og/eller omdømme, blir systematisk følgt opp. I tillegg til at det årleg blir tatt



ein omfattande gjennomgang av vesentlege operasjonelle risikoar og kontrolltiltak, tar leiinga ei løpande vurdering av operasjonelle risikohendingar og set verk ytterlegare risikoreduserande tiltak ved behov. Det blir tatt løpande rapportering av operasjonelle tapshendingar og internkontrollavvik til leiing og styret.

#### 4.5 FORRETNINGSRISIKO

Risiko for tap på grunn av endringar i eksterne forhold som marknadssituasjonen eller reguleringar frå myndighetene. Risikoen inkluderer også omdømmerisiko. Styre sin fastsette policy blir lagt til grunn for styring og kontroll av banken sin forretningsiskikkrisiko.

Alle tilsette er pålagt å bidra til at kundane sine behov og rettigheter blir ivaretatt på ein tilfredsstillande måte. Det gjeld gjennom ei fagleg god og ærleg kundehandtering som sikrar at banken sine kundar kan ta bevisste og velinformerte val.

#### 4.6 ESG RISIKO

Risiko relatert til miljø, samfunnsansvar og selskapsstyring inngår i ESG risiko. Deriblant også klimarisiko. Klimarisiko omfatta risiko for aukt kredittrisiko og finansielle tap for banken som følge av klimaendringar. Banken fortar årleg gjennomgang av risiko i banken der ESG og klimarisiko inngår.

Det er fyst og fremst relatert til utlån til bedriftsmarknaden at det er identifisert at banken er utsett for klimarisiko. Dette er både relatert til fysisk risiko, men også overgangsrisiko fra dagens situasjon til et lavutslippssamfunn. Derfor er vurdering av berekraft og klimarisiko integrert i bankens kredittprosess. Sidan banken er lite eksponert mot blant anna olje og gassnæringa blir næringseigedom, bygg og anlegg samt landbruk å vera dei sektorane som har høgast iboende klimarisiko i banken si portefølje. Samtidig er det store moglegheiter for positiv påverking i disse bransjane.

#### 4.7 COMPLIANCE (ETTERLEVING)

Compliancerisiko er risikoen for at banken pådreg seg offentlege sanksjonar/bøter eller økonomiske tap som følge av manglande etterleving av lovar og forskrifter. Banken vektlegg gode prosessar for å sikra etterleving av gjeldande lovar og forskrifter. Det er styret som vedtek banken sin compliance-policy som beskriv hovudprinsippa for ansvar og organisering. Det blir arbeid kontinuerleg med å vurdere beste tilpassing til nye reguleringar og nytt regelverk for både å ivareta etterleving og effektivitet i organisasjonen. Nye reguleringar og nytt regelverk som påverkar drifta skal fortløpande blir inkludert i rutinar og retningslinjer. Aktiviteten på compliance-området har vore svært stor dei siste åra, og då særleg knytt opp mot krava innan antikvitvasking og GDPR. Banken har implementert spesifikke rutinar og retningslinjer for å sikra etterleving, og jobba aktivt for å oppretthalda og vidareutvikla dei tilsette sin kompetanse på området.

## NOTE 5 - Kapitaldekning

### Kapitaldekning

Morbank	Morbank		Konsolidert kapitaldekning inkl. andel samarb.gruppe	
	2023	2022	2023	2022*
Opptjent egenkapital	156 310	152 300	230 527	216 453
Overkursfond	1 125	1 125	54 313	53 608
Utjevningfond	91 183	87 142		
Egenkapitalbevis/aksjer	111 070	111 070	124 460	124 245
Andre egenkapitalposter	185	47	149	1 269
Fond for urealiserte gevinster	64 554	54 797		
Gavefond	9 765	7 965	7 859	7 965
<b>Sum egenkapital</b>	<b>434 192</b>	<b>414 446</b>	<b>417 308</b>	<b>403 540</b>
Avsatt utbytte	-6 801	-3 494		
Avsatt gaver	-1 700			
Fradrag for forsvarlig verdsetting	-457	-420	-547	-739
Immaterielle eiendeler			-452	-236
Fradrag - Vipps (VBB AS)	-4 741	-4 248	-4 879	-4 364
Fradrag for ikke vesentlige inv.	-97 268	-91 129		
Fradrag for vesentlige inv.			-2 681	-2 740
Føring over utvidet resultat				
<b>Ren kjernekapital</b>	<b>323 225</b>	<b>315 154</b>	<b>408 747</b>	<b>395 461</b>
Fondsobligasjoner	35 000	35 000	41 290	42 366
Fradrag i kjernekapital				
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>358 225</b>	<b>350 154</b>	<b>450 037</b>	<b>437 827</b>
Ansvarlig lånekapital	30 000	30 000	38 473	38 692
Fradrag i tilleggskapital				
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>30 000</b>	<b>30 000</b>	<b>38 473</b>	<b>38 692</b>
<b>Netto ansvarlig kapital</b>	<b>388 225</b>	<b>380 154</b>	<b>488 510</b>	<b>476 519</b>
	<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2022*</b>
<b>Eksponeringskategori (vektet verdi)</b>				
Stater				
Lokal regional myndighet	21 713	21 597	33 248	37 872
Offentlig eide foretak				
Institusjoner	3 905	5 410	14 426	23 680
Foretak	46 717	73 926	51 440	80 790
Massemarked			24 403	22 581
Pantsikkerhet eiendom	1 176 155	1 190 036	1 489 956	1 492 648
Forfalte engasjementer	56 799	39 901	58 258	40 881
Høyrisiko engasjementer	52 362	81 580	52 362	81 580
Obligasjoner med fortrinnsrett	11 121	11 053	19 234	19 143
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	54 571	13 734	54 571	13 734
Andeler verdipapirfond	11 275	8 111	12 114	8 973
Egenkapitalposisjoner	45 936	42 104	69 733	60 999
Øvrige engasjementer	26 292	35 550	31 692	39 325
CVA-tillegg			11 626	13 210
<b>Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko</b>	<b>1 506 846</b>	<b>1 523 001</b>	<b>1 923 063</b>	<b>1 935 416</b>
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	149 703	137 319	160 181	147 127
Kapitalkrav med utgangspunkt i faste kostnader			2 209	2 596
<b>Beregningsgrunnlag</b>	<b>1 656 550</b>	<b>1 660 320</b>	<b>2 085 453</b>	<b>2 082 543</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>23,44 %</b>	<b>22,90 %</b>	<b>23,42 %</b>	<b>22,88 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>21,62 %</b>	<b>21,09 %</b>	<b>21,58 %</b>	<b>21,02 %</b>
<b>Ren kjernekapitaldekning i %</b>	<b>19,51 %</b>	<b>18,98 %</b>	<b>19,60 %</b>	<b>18,99 %</b>
<b>Uvektet kjernekapitalandel i %</b>	<b>10,65 %</b>	<b>10,84 %</b>	<b>9,86 %</b>	<b>9,84 %</b>

\*Beregningsgrunnlaget i sammenligningstall pr. 31.12.2022 er redusert med 154,1 mnok som utgjør en bedring på 1,31 % i ren kjernekapitaldekning sammenlignet med hva som ble publisert i årsrapport for 2022

Banken sin LCR er ved utgangen av året 368% (231%) medan NSFR vart 129% (131%)

## NOTE 6 - Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet

### 2023

#### Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet

Pr. klasse finansielt instrument:	Brutto utlån			Sum utlån
	Steg 1	Steg2	Steg 3	
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	1 856 775	8 641	-	1 865 416
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	330 549	107 257	2 216	440 022
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	57 038	199 930	-	256 968
Kredittforringede (risikoklasse 11-12)	-	-	69 185	69 185
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>2 244 363</b>	<b>315 828</b>	<b>71 401</b>	<b>2 631 592</b>
Nedskrivninger	- 1 120	- 4 431	- 14 680	20 231
<b>Sum utlån til balanseført verdi</b>	<b>2 243 243</b>	<b>311 397</b>	<b>56 721</b>	<b>2 611 361</b>

#### Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet

Pr. klasse finansielt instrument:	Personmarkedet			Sum utlån
	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	1 508 704	8 641	-	1 517 346
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	193 681	90 321	-	284 001
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	18 852	102 848	-	121 700
Kredittforringede (risikoklasse 11-12)	-	-	60 324	60 324
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>1 721 237</b>	<b>201 810</b>	<b>60 324</b>	<b>1 983 371</b>
Nedskrivninger	- 362	- 1 559	- 11 878	13 798
<b>Sum utlån til bokført verdi</b>	<b>1 720 876</b>	<b>200 251</b>	<b>48 446</b>	<b>1 969 573</b>

#### Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet

Pr. klasse finansielt instrument:	Bedriftsmarkedet			Sum utlån
	Steg 1	Steg2	Steg 3	
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	348 071	-	-	348 071
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	136 869	16 936	2 216	156 021
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	38 186	97 082	-	135 268
Kredittforringede (risikoklasse 11-12)	-	-	8 861	8 861
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>523 125</b>	<b>114 018</b>	<b>11 077</b>	<b>648 221</b>
Nedskrivninger	- 758	- 2 873	- 2 802	6 433
<b>Sum utlån til bokført verdi</b>	<b>522 367</b>	<b>111 146</b>	<b>8 275</b>	<b>641 788</b>

#### Ubenyttede kreditter og garantier fordelt på nivå for kredittkvalitet

(Pr. klasse finansielt instrument: )	Ubenyttede kreditter og garantier			Sum eksponering
	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	64 504	-	-	64 504
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	19 852	1 987	-	21 839
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	144	425	-	570
Kredittforringede (risikoklasse 11-12)	-	-	629	629
<b>Sum ubenyttede kreditter og garantier</b>	<b>84 500</b>	<b>2 412</b>	<b>629</b>	<b>87 541</b>
Nedskrivninger	- 46	- 15	- 629	689
<b>Netto ubenyttede kreditter og garantier</b>	<b>84 454</b>	<b>2 397</b>	<b>-</b>	<b>86 851</b>

2022

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet

Pr. klasse finansielt instrument:	Brutto utlån			Sum utlån
	Steg 1	Steg2	Steg 3	
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	1 836 205	22 258		1 858 468
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	351 508	176 488		527 996
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	33 119	242 731		275 850
Kredittforringede (risikoklasse 11-12)			59 552	59 552
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>2 220 832</b>	<b>441 477</b>	<b>59 552</b>	<b>2 721 866</b>
Nedskrivninger	-1 037	-6 966	-18 864	-26 866
<b>Sum utlån til balanseført verdi</b>	<b>2 219 796</b>	<b>434 511</b>	<b>40 689</b>	<b>2 695 000</b>

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet

Pr. klasse finansielt instrument:	Personmarkedet			Sum utlån
	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	1 517 818	21 649		1 539 467
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	234 898	102 500		337 398
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	15 411	123 421		138 832
Kredittforringede (risikoklasse 11-12)			38 977	38 977
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>1 768 127</b>	<b>247 571</b>	<b>38 977</b>	<b>2 054 674</b>
Nedskrivninger	-443	-1 897	6 704	-9 043
<b>Sum utlån til bokført verdi</b>	<b>1 767 684</b>	<b>245 674</b>	<b>32 273</b>	<b>2 045 631</b>

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet

Pr. klasse finansie lt instrument:	Bedriftsmarkedet			Sum utlån
	Steg 1	Steg2	Steg 3	
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	318 387	609		318 996
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	116 610	73 988		190 598
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	17 708	119 309		137 018
Kredittforringede (risikoklasse 11-12)			20 575	20 575
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>452 706</b>	<b>193 906</b>	<b>20 575</b>	<b>667 187</b>
Nedskrivninger	-594	-5 069	-12 160	-17 823
<b>Sum utlån til bokført verdi</b>	<b>452 112</b>	<b>188 837</b>	<b>8 416</b>	<b>649 364</b>

Ubenyttede kreditter og garantier fordelt på nivå for kredittkvalitet

(Pr. klasse finansielt instrument: )	Ubenyttede kreditter og garantier			Sum eksponering
	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	68 482	4 083		72 565
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	10 332	24 352		34 684
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	1 897	6 792		8 689
Kredittforringede (risikoklasse 11-12)			859	859
<b>Sum ubenyttede kreditter og garantier</b>	<b>80 710</b>	<b>35 227</b>	<b>859</b>	<b>116 796</b>
Nedskrivninger	-86	-345	-391	-822
<b>Netto ubenyttede kreditter og garantier</b>	<b>80 625</b>	<b>34 882</b>	<b>469</b>	<b>115 975</b>

## NOTE 7 - Fordeling av utlån

### Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	2023	2022
Primærnæringer	298 584	267 673
Industri og bergverk	15 826	18 818
Kraftforsyning	1 229	2 459
Bygg og anleggsvirksomhet	109 390	124 520
Varehandel	29 765	23 748
Transport	14 522	12 262
Overnattings- og serveringsvirksomhet	39 954	31 379
Informasjon og kommunikasjon		
Omsetning og drift av fast eiendom	78 780	103 626
Tjenesteytende virksomhet	58 257	82 703
<b>Sum næring</b>	<b>646 307</b>	<b>667 187</b>
Personkunder	1 985 285	2 054 679
<b>Brutto utlån</b>	<b>2 631 592</b>	<b>2 721 867</b>
Steg 1 nedskrivninger	-1 120	-1 037
Steg 2 nedskrivninger	-4 431	-6 966
Steg 3 nedskrivninger	-14 680	-18 864
<b>Netto utlån til kunder</b>	<b>2 611 361</b>	<b>2 695 000</b>
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	750 191	885 903
<b>Totale utlån inkl. porteføljen i EBK</b>	<b>3 361 552</b>	<b>3 580 902</b>

Utlån fordelt på fordringstyper	2023	2022
Kasse -, drifts- og brukskreditter	65 286	75 229
Byggelan	13 618	41 398
Nedbetalingslån	2 552 689	2 605 240
<b>Brutto utlån og fordringer på kunder</b>	<b>2 631 592</b>	<b>2 721 867</b>
Nedskrivning steg 1	-1 120	-1 037
Nedskrivning steg 2	-4 431	-6 966
Nedskrivning steg 3	-14 680	-18 864
<b>Netto utlån og fordringer på kunder</b>	<b>2 611 361</b>	<b>2 695 000</b>
Utlån formidlet til Eika Boligkreditt AS	750 191	885 903
<b>Utlån inkl. Eika Boligkreditt AS</b>	<b>3 361 552</b>	<b>3 580 903</b>

Brutto utlån fordelt på geografi	2023	2022
Hjelmeland	429 572	415 396
Strand	1 106 222	1 249 399
Sandnes	124 415	108 008
Suldal	186 313	182 653
Stavanger	554 496	517 165
Randaberg	36 151	35 481
Ellers	194 423	213 765
<b>Sum</b>	<b>2 631 592</b>	<b>2 721 867</b>

## NOTE 8 - Kredittforringede engasjementer

2023

